

1996

# Miljøtilstanden i Møre og Romsdal



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## F O R O R D

### FOTO PÅ FRAMSIDA:

Asbjørn Børset, soleiehov i forgrunnen, Trollveggen i bakgrunnen.

Ove Eide, inngrep i vassdrag

Kolbjørn Megård, avfallsortering

Øivind Leren,  
elveoslandskap - Usma

Direktoratet for naturforvaltning og Statens forurensningstilsyn vil frå og med 1996 gi ut ein felles årleg rapport om miljøtilstanden i Noreg. Møre og Romsdal er saman med Sør-Trøndelag plukka ut som prøvefylke for å vinne erfaring med fylkesvis rapportering av miljøstatus.

Overordna mål innan miljøvern og naturressursforvaltning er ei berekraftig utvikling med sikring av det biologiske mangfaldet. Areal er blitt ein ressurs det er mangel på og som det må økonomiserast med. I Møre og Romsdal er det berre 5,2 prosent av arealet, hovudsakleg i høgfjellet, som kan kallast inngrepsfrie villmarkområde. Gammal naturskog vert stadig meir sjeldan og kulturlandskap går tapt på grunn av endra driftsformer i jordbruket. Dei fleste av dei 184 trua artane i fylket er knytt til skog og kulturlandskap. Artar som laks og sjøaure er sterkt trua av tekniske inngrep og forureining i vassdrag, sjukdommar, parasittar og genetisk utarming. Dei helse- og trivselsmessige faktorane i bustadområde tapar ofte i høve til utbygging og auka trafikk. På avfallssektoren er det behov for ei opprydding mellom anna med auka sortering og gjenvinning. I fjordane er det lokale problem med opphoping av miljøgifter og ureinska utslepp.

Vi opplever stadig at folk spør om korleis ståa er når det gjeld forureining, utvikling av livet i vassdrag og sjø, om sjeldne og trua arter, eller om kva for trugsmål naturen i deira eigen kommune er utsett for. Det er og mange som vender seg til fylkesmannen med informasjon om spesielle fuglearter som er registrert, om spesielle naturfenomen, om otte for forureining eller sviktande fiske i nettopp deira elv.

For å nå måla om ei berekraftig utvikling der ressursutnytting er likestilt med med sikring av det biologiske mangfaldet må alle sektorar ta ansvar. Dette gjeld både næringslivet, forvaltning i stat, fylkeskommunar og kommunar, organisasjonane og kvar einskild av oss.

Forskjellige statlege, fylkeskommunale og kommunale forvaltningsorgan driv kvar for seg med innhenting av naturdata og statistikk, gransking av ymse tilhøve i fjell, skog, vassdrag og sjø. Mykje av dette blir synleggjort gjennom ei rad av fagrapportar, pressemeldingar og brev til kommunane. I denne rapporten er det gjort eit forsøk på å samanstille den kunnskapen vi i dag sit inne med om miljøtilhøva i fylket vårt. Eg har tru for at denne framstillinga av miljøtilstanden i Møre og Romsdal vil vere med på å legge grunnlaget for tankar og handlingar som kjem naturmiljøet og våre etterkommarar til gode.

Rapport nr. 6/1996  
Juni 1996

ISBN 82-7430-093-9  
ISSN0801-9363

Molde juni 1996

  
Alv Jakob Fostervoll

|   |  |         |
|---|--|---------|
|    | <b>Forord</b>  | side 2  |
|    | <b>Samandrag</b>   | side 4  |
|   | <b>Områdeforvaltning</b>   | side 5  |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Villmarka forsvinn</li> <li>• Områdevern</li> <li>• Vassdragsvern</li> <li>• Motorferdsel i utmark - berre til nytteformål</li> <li>• Skog og biologisk mangfold</li> <li>• Kystsoneforvaltning</li> </ul>  |         |
|   | <b>Artsforvaltning</b>   | side 12 |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dyr i drift - innførte artar</li> <li>• Trua artar</li> <li>• Jerven etablerer seg i Møre og Romsdal - igjen</li> <li>• Hjort, vår nye utmarksbeiter</li> <li>• Ferskvassfisk i Møre og Romsdal</li> <li>• Vassdragsreguleringar og fisk</li> </ul> |         |
|  | <b>Kulturmiljø og kulturlandskap</b>   | side 20 |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Blomsterengene forsvinn</li> </ul>  |         |
|  | <b>Langtransportert luftforureining</b>  | side 22 |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen forsuringsskadar i Møre og Romsdal</li> </ul>   |         |
|  | <b>Helse- og miljøfarlege stoff</b>  | side 24 |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mindre kjemikalialar og medisinbruk i fiskeoppdrett</li> <li>• Opprydding av gamle synder</li> <li>• Perspektiv</li> </ul>  |         |
|  | <b>Akutte olje- og kjemikalieutslepp</b>   | side 26 |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Transport av farleg gods</li> </ul>   |         |
|  | <b>Avfall og gjenvinning</b>   | side 27 |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Strengare krav til avfallshandtering</li> <li>• Henteordning/bringeordning</li> <li>• Spesialavfall</li> </ul>  |         |
|  | <b>Overgjødsling og tilførste av organisk stoff</b>  | side 30 |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Menneskeskapte utslepp</li> <li>• Fjordane er lite forureina, men kan ha lokale problem</li> </ul>  |         |
|  | <b>Miljøvenlege byar og tettstader</b>   | side 33 |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Støy; nedsett trivsel - nedsett helse</li> <li>• Ikke bygg ut "hundremeterskogen"</li> </ul>  |         |
|  | <b>Friluftsliv</b>   | side 36 |
|   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal</li> <li>• Friluftsområde sikra med statlege midlar</li> </ul>  |         |

# S A M A N D R A G

I "Miljøtilstanden i Møre og Romsdal 1996" skildrar fylkesmannen status for naturmiljøet både med omsyn til vern av det biologiske mangfaldet, opplevingsverdiane knytt til landskapet og forvaltning av naturressursane.

Naturarven i Møre og Romsdal har vore i sterk endring i vårt hundreår. Berre omlag fem prosent av fylket har i dag villmarkspreget i behald. Av det nyttbare vasskraftpotensiale i fylket er omlag halvparten utbygd til kraftføremål. Omlag 30 prosent av arealet i Møre og Romsdal er verna eller foreslått verna etter naturvernlova. Dei største areala finn vi i høgfjellet. Framlegget til vern av barskog, edellauvskog og barlind/kristtorn omfattar ikkje meir enn omlag ein prosent av det produktive skogarealet i fylket. Skogen og kystsona er døme på naturområde med høg biologisk og landskapsmessig verdi som er utsette for store menneskeskapte endringar. Effektivisering innan jordbruket har ført til reduksjon av det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet.

Det biologiske mangfaldet er og trua av aukande press frå innførte artar. Den innførte lakseparasitten Gyrodactylus salaris har trua laksebestandane i 18 lakseelvar. Av 15 vassdrag behandla med rotenon er førebels ni "friskmelde".


I fylket er det registrert 184 trua artar i nasjonal samanheng (unntatt insekt). Av desse er det kjent 84 artar i skognaturen, 44 artar i kulturlandskapet og 19 artar i strand/fjordsona. Jerven er ein trua art som har greidd å reetablere seg i fylket. Fleire av lakse- og sjøaurebestandane er klassifisert som trua eller sårbar. Hjortetalet har aldri vore høgare enn no, noko som set store krav til forvaltninga av denne ressursen og avveging av ulike interesser. Vi har alle eit lokalt ansvar for å ta vare på det biologiske mangfaldet som ein del av naturarven i fylket, samstundes som vi har eit globalt ansvar via internasjonale konvensjonar.

Sur nedbør har til no ikkje ført til påvisbare skadar på naturmiljøet i Møre og Romsdal. Overvakinga dei siste åra har synt ei nedgang i svovelnedfallet. Atmosfæriske nitrogenutslepp kan gje overgjødslingseffektar som mellom anna kan føre til vegetasjonsendringar og oppblomstring av algar. Menneskeskapte utslepp av næringssalt og organiske stoff frå kloakk, landbruk, fiskeoppdrett og industri, skapar vanlegvis berre lokale ulemper. Sjøområda i fylket er lite forureina utanom nærefekta av utsleppa. I vassdraga er det fleire døme på alvorleg forureining, oftast med årsak i utslepp av næringssalt frå landbruket og frå den spreidde busetnaden.

Sunndalsfjorden med høgt tjærestoffinnhald (PAH) har vore eit stort miljøproblem. Problemet er no vesentleg redusert grunna ny teknologi ved Hydro Aluminium i Sunndal. Utsleppa av kjemikaliar og medisin frå fiskeoppdrett er sterkt redusert dei siste åra. Ei kartlegging av miljøgifter ved industriområde, hovudsakleg skipsverft, har dokumentert høge verdiar av miljøgifter som bly, koppar, kvikksølv og tjærestoff i sjøbotnen. Særs høge konsentraserjonar av miljøgifter er funnet i Aspevågen ved Ålesund. Petroleumsverksemnda aukar i omfang og spreiar seg til nye område. Mellom anna aukar skipstrafikken langs kysten. Det er eit mål å ha ein god beredskap, men erfaringar syner at det er uunngåeleg å få oljesøl langs kysten ved skipsforlis.

Affallsløysingane er i radikal endring med aukande kjeldesortering og gjenvinning. Strengare krav til avfallslassar vil medføre mindre utslepp, avsig og færre negative konsekvensar for omgivnadene. Mange mindre avfallslassar vil bli avslutta. Spesialavfall er avfall med eit særleg skade- og forureiningspotensiale, med særskilde ordningar for innsamling og behandling.

Støy er eit helse- og trivselsproblem for mange i fylket. Langs dei store vegane er omlag 5300 personar plaga av støy. Det er behov for å redusere belastningane. Eit tiltak er å prioritere transportformar som buss samt anlegg av gang- og sykkelvegar. Positive opplevelingar og livskvalitet er sterkt knytt til friluftsliv og tilgjenge til natur i våre nære omgivnader. Tettstadnære naturområde/grøntområde må sjåast som nødvendig på lik linje med vegar og bustadområde. I Møre og Romsdal er 73 friluftsområde sikra med statlege midlar. Det sterke utbyggingspresset i kystsona inneber ei utfordring i arbeidet med å sikre gode tilhøve for eit aukande kystfriluftsliv i fylket. Gode friluftstilbod er også ein grunnleggjande faktor for eit aukande reiseliv.




Møre og Romsdal har eit stort ansvar for mange nasjonalt og internasjonalt verneværdige naturtypar. Omlag 30 prosent av landarealet i fylket er verna eller foreslått verna etter naturvernlova. Hovuddelen av desse areaala er i høgfjellet. Berre omlag ein prosent av skogarealet i fylket er foreslått verna. I skognaturen i fylket er det 86 nasjonalt trua artar. Årsaka er ei omfattande endring av naturgrunnlaget med treslagskifte til gran, oppstykking av natur med vegar, reduksjon av nøkkelpotpar og mangel på daudt trevirke. Skogsdrifta har truleg vore den største einskildtrusseleien mot det biologiske mangfaldet i fylket. Kystsona er i aukande grad arena for både fritids- og næringaktivitetar samstundes som kysten er leveområde for mange dyr- og fugleartar. Dette gir store utfordringar til den lokale handteringa av interessekonflikta framover.

Områdeforvaltning omfattar alle typar og naturområde i fylket utanom byar og tettstader. Møre og Romsdal har ein stor spennvidde i naturtypar fra strandflateland, skjergards- og fjordlandskap via barskogar og rike lauvskogar til høgfjell med egger og tinder. Sjølv om vi til dagleg oppfattar å ha ein god tilgang på urørt natur skjer det daglege naturinngrep med ein urovekjande sumverknad. Berre omlag 5 prosent av fylket har i dag villmarkspreget i behald. Skognaturen og fjordane med elveosane er døme på naturområdene med høg biologisk verdi som er utsette for store menneskeskapte endringar. Vi er i ferd med å endre naturarven i fylket. Resultata er mellom anna eit redusert arts mangfald og landskap med mindre opplevingsverdi.

### VILLMARKA FORSVINN

Naturen er ein nasjonal arv som er grunnlag for menneska si verksemd, helse, trivsel og identitet. Ingen einskild generasjon har rett til å forkusle eller forbruke denne naturarven. Omfanget av menneskelege inngrep i naturen er ofte nytta som eit mål på ivaretakinga av denne naturarven, og kor robuste dei naturlege økosystema er. Vi har forpliktta oss internasjonalt gjennom konvensjonar til å ivareta desse økosystema og vi er avhengige av intakte økosystem i vår produksjon. Inngrepsfrie naturområde har stor verdi mellom anna som leveområder for dyr og planter, for friluftsliv og reiseliv, i overvaking av forureining og i undervisningsamanhang.



UTVIKLINGA AV OMRÅDE SOM LIGG MEIR ENN 5 KM FRÅ TYNGRE TEKNISKE INNGREP I MØRE OG ROMSDAL, 1900-1994

KJELDE: DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING


### FAKTA

#### NASJONALE MÅL

- Sikre eit representativt utval av norsk natur ved freding som nasjonalparkar, naturreservat og landskapsvernområder - sluttføre dei fylkesvise verneplanar innen år 2000.
- Integrere omsynet til biologisk mangfald i sektorane på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.
- Oppretthalde verneværdiane i dei varig verna vassdraga.

Fylkesmannen har ein database kalla naturbase,\* der 8072 lokalitetar med særskilde friluftsliv-, vilt- og naturverninteresser i Møre og Romsdal er registrert per 1996.

Tal lokalitetar



REGISTRERTE LOCALITETAR I NATURBASEN.

\*naturallas

## FAKTA

## DEFINISJON PÅ DEI ULIKE TYPER VERNEOMRÅDE:

## Nasjonalpark:

Store urørte, tilnærma urørte, eigenarta eller vakre naturområde

## Naturreservat:

Tilnærma urørte naturområde av særleg verdi eller spesiell naturtype

## Fugle- og dyrelivsfreding:

Art eller områdefreding

## Landskapsvernområde:

Eigenarta eller vakre natur- eller kulturlandskap der tradisjonell verksemd skal kunne halda fram.


Landarealet i Møre og Romsdal er omlag 15 100 km<sup>2</sup>, det vil seie at omlag 30 prosent av landarealet i fylket er verna eller foreslått verna etter naturvernlova, jamfør tabell.




Barlind

I Møre og Romsdal er det berre 5,2 prosent av landarealet, i hovedsak høgfjellsområde, som kan karakteriserast som inngrepsfrie villmarksprega område (sjå figur side 5). Heile 58,2 prosent av arealet i fylket er inngrepsnært; inntil ein kilometer frå tekniske inngrep. Inngrepa kan vere i form av vegar, kraftlinjer og regulerte vassmagasin. Inngrep er tradisjonelt knytt til busetting, næringsutøving og biologisk høgproduktive område i låglandet. Om utviklinga av naturinngrep held fram

som før vil vi om kort tid ikkje ha villmarksprega område att i fylket. Fråvær av inngrep er i seg sjølv eit argument for å økonomisere med dei få inngrepsfrie områda vi har att. Dei mange inngrepa i låglandet gjer det vanskeleg å verne eit representativt utval av naturtypane i fylket. Verneområda skal vere mest mogleg intakt natur. Høgfjell er slikt sett «overrepresentert» i vernearbeidet. Til gjengjeld er desse områda av svært høg verneverdi både nasjonalt og internasjonalt.



OVERSYN OVER VERA VASSDRAG OG ETABLIERTE OG FORESLÅTTE LANDSKAPSVERN/ NASJONALPARKOMRÅDER.



OVERSYN OVER ETABLERTE NATURRESERVAT, FUGLEFREDNINGSSOMRÅDE, OMRÅDE SOM ER MIDLERTIDIG VERA SAMT FORSLAG TIL NYE NATURRESERVAT.

|  | LOKALITETAR - VERNEPLANAR<br>ÅRSTALL OPPRETTA I PARENTES   | VERNEOMRÅDER KM <sup>2</sup>                    | FORESLÅTTE VERNE-<br>OMRÅDE KM <sup>2</sup> |
|--|--|---|---|
| Landskapsvern  | Trollheimen (1987)<br>(Møre og Romsdal sin del)<br><br>Innerdalen (1967)<br><br>Veøya (1970)<br><br>Romsdalen, Meiadalen,<br>Tafjord og Reindalen<br><br>Område i samordna plan<br>for Dovrefjellområdet<br><br>Geiranger-Herdal | 730,5<br>73<br>0,3<br><br>365<br>1361 **<br>500 |   |
| Naturreservat* og<br>område med fugle- og<br>dyrelivsfredingar | Våtmarksreservat og<br>fugle- og dyrelivsfredingar<br>(1988) - 46 lok.<br><br>Edellauvskog - 32 lok.<br><br>Barskog - 12 lok.<br><br>Havstrand/elveos - 25 lok.<br><br>Myr - 28 lok.<br><br>Barlind/kristtorn - 7 lok.           | 30<br><br>27<br>36<br>8<br>45<br>4              |   |
| Nasjonalparkar   | Reinheimen<br><br>Sunndalsfjella   | 641<br>625                                      |   |
| Sum<br>Total sum   |  | 833,8<br>4445,8 km <sup>2</sup>                 | 3612  |

\* Nokre av reservata omfattar også sjøareal samt areal som blir vurdert verna som landskapsvernområde.

\*\* Endeleg areal og fordeling på verneformar er ikkje ferdig per juni 1996.

## VASSDRAGSVERN

20 vassdrag er varig verna mot kraftutbyggjing i Møre og Romsdal. Desse utgjer om lag 33 prosent av det totale vasskraftpotensialet i fylket. Omlag 55 prosent er utbygd, sjå figurane


OVERSYN OVER NORSKE FOSSAR MED FALLHØGDE OVER 400 METER.  
FOSSAR I MØRE OG ROMSDAL UTHEVA.

|    |                    |            |       |        |
|----|--------------------|------------|-------|--------|
| 1  | Mongefossen        | Romsdal    | 774 m | Utbygd |
| 2  | Austre Mardalsfoss | Eikesdal   | 655 m | Utbygd |
| 3  | Opo                | Hardanger  | 650 m | Verna  |
| 4  | Vedalsfossen       | Hardanger  | 650 m | Verna  |
| 5  | Langfoss           | Sunnhordl. | 612 m | Verna  |
| 6  | Skykkjefossen      | Hardanger  | 605 m | Utbygd |
| 7  | Ormalifossen       | Sogn       | 563 m | Utbygd |
| 8  | Tyssefossen        | Hjørundfj. | 520 m | Utbygd |
| 9  | Vestre Mardalsfoss | Eikesdal   | 450 m | Utbygd |
| 10 | Hjelledalsfossen   | Sogn       | 450 m | Verna  |
| 11 | Ringedalsfossen    | Hardanger  | 420 m | Utbygd |

## FAKTA

Norge (Totalt 176 TWh)

Møre og Romsdal  
(Totalt 10 TWh)



OVERSYN OVER VASSKRAFTPOTENSIAL I NORGE OG MØRE OG ROMSDAL (I PROSENT).  
KJELDE: NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIVERK.

## MOTORFERDSEL I UTMARK - BERRE TIL NYTTEFOREMÅL

Folk flest søker fred og ro i naturen. Det er såleis viktig å verne om denne verdien og ta vare på urørt og uforstyrra natur. Dette er framleis noko av det mest særprega og verdifulle vi har. Eit einskildt-motorkøyretøy treng ikkje isolert sett føre til større skade eller ulykke, men summen av mange vil utgjere ei stor miljøbelasting.


Motorferdsel på barmark kan skade plantelivet og sette merke og sår i terrenget.

Spora etter køyring kan vere synleg i mange år. Derfor er reglane for køyring på barmark strengare enn på snødekt mark.

Inntrykket frå kommunane er at motorferdsel i utmark i hovudsak er under kontroll i fylket. Likevel bør ein vere merksam på utviklinga med aukande tal sno-scootrar i fylket, sjå tabell. Erfaringar frå andre fylke er at motorisert ferdsel i utmark er i ei utvikling som er vanskeleg å reversere. Utgangspunktet i lovverket er at all motorisert ferdsel i utmark er forbode. Til nytteføremål som transport i landbruk er det generelle løyve og til transport av mellom anna bagasje og utstyr på vinterføre, kan det gis einskildløyve (dispensasjonar).

Den kommunevise fordelinga av dispensasjonar for vintersesongane frå 1988 -1995 er vist i tabellen. Variasjonen i talet på tildekte dispensasjonar kan skuldast at det ikkje er dei same kommunane som har rapportert kvart år.

| Vinter-sesong | Tal kommunar som har rapp. av 38 totalt | Tildekte dispensasjonar |
|---------------|---|-------------------------|
| 1988/89       | 26                                      | 267                     |
| 1989/90       | 23                                      | 358                     |
| 1990/91       | 25                                      | 265                     |
| 1992/93       | 21                                      | 313                     |
| 1994/95       | 30                                      | 329                     |



REGISTRERTE SNO-SCOOTRAR  
KJELDE: STATENS VEGVESEN.

## FAKTA

Nasjonalt trua arter i skog i Møre og Romsdal fordelt på ulike grupper. Kjelde: Jordal og Gaarder 1995.

|           |          |
|-----------|----------|
| Plantar:  | 4 artar  |
| Mosar:    | 7 artar  |
| Lav:      | 6 artar  |
| Sopp:     | 56 artar |
| Pattedyr: | 5 artar  |
| Fugl:     | 8 artar  |
| Sum:      | 86 artar |

## DAUDE TRÆR

Det er dei små organismane som påverkar økosistema mest. (Av til dømes 670 norske billeartar i ved, er heile 630 avhengig av daud ved). I skogen er daude trær starten på ein næringspyramide. I den aktive nedbrytingsfasen er det meir "liv" i eit daudt tre enn i eit levande. Eit friskt tre er bygd opp av ein stamme der mesteparten er daude cellar. Når treet dør, vil mange artar etablere seg. Til slutt er heile den gamle stammen eit yrande liv av sopp, bakteriar og insekt.



## NØKKELBIOTOP:

Ein nøkkelbiotop inneheld ein naturtype/naturelement som er spesielt viktig, artsrik, sjeldan, eller er levestad for sjeldne eller trua artar. Ofte er dei også overskottssområde med stor verdi for spreiling av artar til resten av skogen. Spesielle nøkkelbiotopar er ikke berre vegetasjonstypar, men også område som sjeldan har brent, nokre kantonar, vegetasjonen langs vassdrag, ospeholt, fuktskogsområde, skyggefulle kløfter med jamn og høg luftråme, skog inn mot bergskrentar, bratt terreng der det tidlegare har vore vanskeleg å kome til med hogst, flommarkområde, rasmarkar, grove stammar, hule trær og urskogrestar.

## NATURSKOG;

Naturskog er påvirkå av hogst, men forynginga har skjedd med stadeigent genmateriale og i ei samanhengande utvikling over fleire skoggenerasjoner.

## SKOG OG BIOLOGISK MANGFALD


Både insekt og andre artar, er avhengig av ein skog som er variert og som inneheld trær langt eldre enn dei som er hogstmodne. Når bartrærne blir hogde, er dei kanskje berre halvveis i sitt livsløp. Biologisk moden og gammal skog med vedvarande produksjon av daudt trevirke (kontinuitetsskog) er såleis nødvendig for at alle artar skal kunne fullføre sin biologiske funksjon. Tilstrekkeleg med gammal skog, daude trær, helst av grove stammar, er ein nøkkelfaktor i ein biologisk sett sunn naturskog.

19 prosent av landarealet i fylket er næringsmessig sett produktiv skog. Av dette er nå 16 prosent granskog/grandominert, 36 prosent furuskog/furuskogdominert og 48 prosent lauvskog/ lauvskogdominert. Skogarealet har auka i løpet av dei siste 30-åra, i det det vesentlege på grunn av redusert beite i utmarka, nedlegging av utmarkslåtter, grøfting og skogreising mellom anna på myr. Dette er ung skog som ikkje utan vidare kan erstatta den biologiske verdien av gammal naturskog.

Den naturlege barskogtypen i Møre og Romsdal er furu, for det meste i blanding med bjørk eller andre lauvtre. Av vegetasjonsstypane i den produktive barskogen har blåbærskogtypen størst utbreiing (25 prosent) Blåbærplanten er ein nøkkelart som utgjer grunnlaget for ein rekke næringskjedar. (Arten er til dømes viktig beiteplante for insektlarvar, hjortedyr og skogsfugl.) Bjørk er det skogdannande lauvtreslaget som har størst utbreiing i fylket.

Undersøkingar på både nasjonalt og lokalt plan viser at skognaturen er den naturtypen som inneheld dei fleste sårbarer, trua og hensynskrevjande artane. Dei fleste på grunn av endringar i naturgrunnlaget, medan andre er pressa på grunn av ferdsel. Urørt og lite påvirkå skog er leveområde for fleire trua og sårbarer artar. Å oppretthalde det biologiske mangfaldet gir skogen styrke mot mellom anna sjukdom, forureining og andre ytre påverknader. Av dei totalt 184 nasjonalt trua arter i Møre og Romsdal, skil skognaturen seg klart ut med heile 86 av desse artane, sjá tabell s 14.

Næringsretta bruk av skogen fører til behov for skogsvegar, og resultatet kan bli ei uheldig oppsplitting av naturgrunnlaget samt hogst i tilgrensande skogsområde. Frogde furu og lauvskogsområde har ofte blitt bytta ut med monokulturar av gran. Skogsvegar inneber hogst i tilgrensande skogsområde. Det er i alt bygd omlag 850 km skogsbilvegar og 3000 kilometer traktorvegar i Møre og Romsdal. Figuren syner vegbygginga utførd med offentleg støtte dei siste 35 åra.



VEGBYGGING I SKOGBRUKET UTFØRT MED OFFENTLIG STØTTE I PERIODEN 1961-1994.  
OMLAG 1/4 AV BILVEGNETTET ER OMBYGD TRAKTORVEG.

Omsynet til biologisk mangfald må vere ein integrert del av skogforvaltinga. Eit sentralt mål er å sikre tilstrekkeleg store og samanhengande areal naturskog, kontinuitetsskogsområde utan hogst samt nøkkelbiotopar. Det må leggast vesentleg vekt på å sikre samanhengar og sprejingskorridorer mellom spesielt viktige leveområde. Artar i kontinuitetsskogsområde har ofte dårleg sprejingsevne. Avstanden mellom slike område må ikkje bli for stor, og dei bør knyttast saman med korridorer langs til dømes fuktige drag eller kantsoner langs myrar.

Det er eit mål å unngå oppslitting og reduksjon av gamalskogområda. Spesielle nøkkelbiotopar samt dei skogstypane som ofte har eit relativt stort innslag av sjeldne og trua artar må sikrast. Eit anna mål er å unngå treslagskifte til gran på sjeldne og kravfulle vegetasjonstypar. Dei viktigaste skogs/vegetasjonstypane i ei slik samanheng i Møre og Romsdal er lågurtskog, (mellan anna kystfuruskog på frogde skogsmark), høgstaudeskog, gråor-heggeskog og edellauvskog. (alm, hassel, ask, lind, svartor og eik). Desse utgjer etter tal frå landsskogtakseringa omlag 25 prosent av det produktive skogsmarksarealet i fylket.

Ein vesentleg del av skogplantinga (spesielt kulturskog med gran), har skjedd og skjer i desse områda.

Dersom utviklinga held fram utan sikring av større samanhengande skogsområde utan vegar, tilstrekkeleg store område med kontinuitetsskog, nøkkelbiotopar og høgproduktive låglandsområde, vil det på sikt bli vanskeleg å sikre det biologiske mangfaldet i fylket. Det er ei positiv utvikling med aukande bruk av furu og reduksjon av gran i skogplantinga i fylket dei seinare år. Klassisk vern av einskildområde etter naturvernlova, der skogen er verna, er ikkje nok. Framlegget til ein verneplan for bar-skog, ein for edelauvskog og ein for barlind/kristtorn omfatter til dømes ikkje mer enn omlag 1 prosent av det produktive skogssarealet i fylket. Skogbruksnæringa og den offentlege skogbruksforvaltinga har såleis det klart største ansvaret for naturarven i fylket. Dersom denne arven skal bergast, er det mellom anna behov for ein meir omtenksam bruk av statlege virkemiddel i skogbruket samt meir langsiktig oversiktsplanlegging i skogen uavhengig av til dømes eigedomsgrenser.

## FAKTA

### KVITRYGGSPETTEN

I Møre og Romsdal hekker alle dei 7 norske hakkespetartane. Dei fleste lever i høg grad av insekt i daude og svekka tre.



Kvitryggspetten er den sjeldnaste i landet. Han er knytt til lauv- og blandings-skog. Det som gjer denne arten ekstra sårbar, er at han heile året er avhengig av å finne insektlarvar under bark og i veden på store, daude eller svekka tre, spesielt lauvtre. I snørike vintrar er både kvitryggspetten og fleire andre hakkespettar avhengige av å ha tilgang på larvar frå ståande tre.

### BIOLOGISK MANGFALD:

Uttrykket biologisk mangfald omfatter heile variasjonsbredden av livsutfaldning i naturen. Det gjeld mangfaldet av naturtypar, mangfaldet av artar, det genetiske mangfaldet innan arten og dei økosystema og dei økologiske prosessane som desse artane og organismane er ein del av.


## FAKTA

Oppdrettsanlegga er ofte plassert i leveområde til ulike viltartar. Dette kan skape forstyringer, spesielt i hekkesesongen for fugl. Data fra



prosjekt havørn tyder på at forstyringar frå oppdrettsanlegg som ligg nær havørnreir fører til reduksjon i ungeproduksjonen til havørna, sjå tabell.

## Ungar/reisesong



Ungeproduksjon i 10 havørnreir 1986 - 1993

KJELDE: PROSJEKT HAVØRN.

## KYSTSONEFORVALTNING

I eit fylke som Møre og Romsdal, der største delen av næringsverksemd og busetting er knytt til fjord og kyst, er det ikkje til å unngå at kystsona blir utsett for eit vesentleg utbyggingspress. Strandsona er møtestaden mellom sjø og land og gjev levegrunnlag for eit rikt og variert dyre- og planteliv. Heile 100-metersbeltet langs sjøen er i utgangspunktet definert som eit verneområde av nasjonal interesse (plan- og bygningslova). All utbygging skal vurderast opp mot vern av omsyn til allmenta sine interesser (spesielt ferdels- og friluftsinteresser) og av omsyn til landskap og naturvern.

## FISKEOPPDRETT OG AREALBRUKSKONFLIKTAR

Arealbruken per fiskeoppdrett-konsesjon har auka mykje etter innføring av Møremodellen og gjev seg spesielt store utslag i delar av kommunar som Midsund og Gjemnes. Frå omlag 100 lokalitetar i bruk rundt 1990 har ein i dag omlag 225. Dei siste åra er etablering av fleire landbasar i strandsona blitt vanleg, noe som medfører permanente inngrep. Med ei forventa vekst i oppdrett av blant anna kveite og kamskjell, aukande sjøretta friluftsliv i tillegg til vilt- og verneinteresser, vil det stadig vere ei utfordring å avklare ulike interesser i kystsona.

Merdoppdrett av laks og regnbogeaure i sjø utgjer i omfang og volum den klart største delen av oppdrettsnæringa i Møre og Romsdal. Dei siste 6-7 åra har det skjedd store endringar i driftsmåte og areal bruken per konsesjon. Grunna store problem med fiskesjukdommar som furunkulose var situasjonen rundt 1989-90 dramatisk for økonomien i oppdrettsnæringa med store mengder dødfisk og eit svært høgt antibiotikaforbruk som resultat. Spreiing av antibiotikarestar til villfisk og furunkulose til ville sjøaure- og laksebestandar gav signal om at tilhøva også fekk større og større konsekvensar for allmenne interesser. I høve til arealbruk la frykten for antibiotikarester i villfisk store band på utøving av fritidsfiske nær oppdrettsanlegg.

Oppdrettarane gjekk over frå bruk av ein til tre lokalitetar for å kunne skilje årsklassar med fisk og legge brakk lokalitetane etter utslakting for å redusere smittepresset (Møremodellen). Saman med ei rekke

andre tiltak for å førebygge smittespreiing har resultatet vist seg å vere svært godt. I dag er det berre i liten grad sjukdom i oppdrettsanlegga og forbruket av antibiotika er redusert med 99,3 prosent samanlikna med året 1991. Denne reduksjonen har ein hatt på tross av den svært store veksten i årsproduksjonen som har vore i den same perioden.

Artar som gråhegre, skarv og oter kan i nokre høve eta og stresse fisk i oppdrettsanlegg. Viltartane må sjåast på som ein naturgjeven faktor for næringa. Næringa har sjølv ansvaret for å førebyggje konfliktar. Det må i hovudsak skje ved fysisk å stenge anlegga for viltet. Felling av skadegjerrande artar kan berre nyttast unntaksvis, og etter å ha innhenta nødvendige løyve etter viltlova.

Konfliktane med allmenne interesser går mellom anna på 20 m ferdelsforbod og 100 m fiskeforbodsone rundt oppdrettsanlegg. Plasseringa av anlegga er avgjerrande for konfliktgraden. Det er difor viktig at kommunane prioriterer utarbeidning av "kystsoneplanar" for å få ei betre prioritering og avveging mellom bruk og vern av kystsona.. Graden av konflikt med friluftslivsinteresser er venta å auke i åra framover grunna meir intensiv bruk av kysten til rekreasjon gjennom stadig fleire sjøretta hytter og fleire fritidsbåtar. Grunna stadig betre teknisk utstyr i næringa vil ein kunne drive oppdrett i meir eksponerte område enn tidlegare. Dersom vi får ei slik utvikling i åra framover, vil dette medføre færre konfliktar med friluftsliv, men fleire konfliktar med vilt- og naturverninteresser.

Når det gjeld landbasert oppdrett har det skjedd lite dei seinare åra. Det har ikkje vore behov for nye settefiskanlegg for laks, og det har vore lite pågang på nye landanlegg for oppdrett av marine artar. I nokre saker har det vore store konfliktar med eksisterande settefiskanlegg og etablering av fiskesperrer i elvar med oppgang av laks og sjøaure. Oppdrett av kveite og kamskjell ser ut til å vokse. Det er meir aktuelt med grunnare og meir skjerma lokalitetar for oppdrett av kveite, noko som igjen kan auke presset på område som er mykje nyttå til friluftsliv. Oppdrett av kamskjell kan medføre utsetting på botn der sjølve innsamlingsmetoden til dømes botn-skraping, kan vere konfliktkapande.

## ELVEOSLANDSKAP I MØRE OG ROMSDAL

Elveosen er endestasjonen for masse-transporten i eit vassdrag. Materialt blir avsett i og utanfor utløpet, slik at elva med tida bygger ut nytt land i sjøen. Delta er det faglege uttrykket på denne spesielle formasjonen som ein finn ved alle elveutløp. Deltaet består av ei oversjøisk flate, og ei undersjøisk flate som dels blir tørrlagt ved fjære sjø. Det er vanleg at elveløpet vandrar over deltaflata. Derfor finn ein ofte gamle, forlatte elveløp som ein del av elveoslandskapet. Ein finn særleg godt utvikla elvedelta i fjordområda.

Elvane ute på kysten er jamnt over mindre, og dei manglar ofte dei markerte elveøyrene. Dei fleste kystelvane munnar ut smale og grunne vågar, eller vågosar, som ein ofte kallar dei på Nordmøre.

Elveosområde har frå langt tilbake i tid vore sentrale for busetting og næringsdrift. Dei fleste større deltaområda i fylket er nå nærmast heilt nedbygde. Vågosane har imidleretid ikkje blitt utsett for det same sterke utbyggingspresset som mange av elveøyrene i fjordane.

I fylkesdelen planen for elveoslandskap i Møre og Romsdal, som vart godkjend av Miljøverndepartementet 10 mars 1995, er det registrert 195 elveoslandskap. Av desse er 89 prioriterte i regional/nasjonal vernesamanhang. Ved prioriteringa er det lagt spesiell vekt på å verne om område med små inngrep, det er lagt vekt på storleiken på vassdraget, om vassdraget er verna, om det gjeld eit område som er eller ligg i tilknytting til eit verna våmarksområde og/eller om det er eit område som er aktuelt å verne etter naturvernlova i samband med ein verneplan for havstrand/elveos for fylket som er under utarbeiding.



*Deltaos: Elveutløp som går over i open sjø omlag på deltaekanten. Søya, Surnadal kommune.*



*Vågos: Elveutløp med ein gradvis overgang til sjøen, til dømes via ein grunn og smal våg. Oselva, Molde kommune.*

BEGGE FOTO: ØIVIND LEREN

### LITTERATUR:

- Inngrepsfrie naturområder i Norge. DN-rapport 1995-6
- Om lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag. Rundskriv T-1/96 frå Miljøverndepartementet
- Biologisk mangfold i skog, Norges skogeigarforbund 1996
- Norsk urskog, Universitetsforlaget 1991
- Skogen i Møre og Romsdal, fylkesmannen, landbruksavdelinga 1994
- Fylkesdelen plan for elveoslandskap, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## FAKTA

### BIOLOGISKE SAMANHENGAR I EIN ELVEOS:

Elveosane har til vanleg eit allsidig dyreliv med høg produksjon av botndyr og planter. Dette spesielle økosystemet er betinga av næringstilgangen frå elva, periodevis tørrlegging, lys og soloppvarming. Mark og muslingar som lever nedgravd i botnen får rikeleg føde når tidevassona står under vatn på flo sjø.

Krepsdyr og småfisk kjem ofte inn og beitar i den grunne tidevassona.

Denne produksjonen gir næringssgrunnlag for fisk som torsk, flyndre, sjøaure, og fugl som til dømes vadalar og ender. Fleire landdyr nyttar også den rike næringstilgangen på deltaet, til dømes eter.

Den typiske elveosen danner på denne måten eineståande økosystem i vestlandsfjordane. Elveosen er dessutan "transithamn" for laksen og auren si vandrings opp og ut av vassdraget.

Meir informasjon (kart) på internett:  
<http://www.grida.no/ext/skme/produkt/delta/mr>

## FAKTA

## NASJONALE MÅL

- Det skal sikrast levedyktige bestandar av alle artar som naturleg hører heime i norsk natur.
- Utnytting av levande ressursar skal skje innanfor biologiske og økologisk forsvarlege rammer.
- Introduksjonar av miljøframande organismar skal minimalisera.
- Den lokale vilt- og fiskeforvaltning skal utviklast med sikt på å styrke verdien av vilt- og fiskressursane som grunnlag for næring og rekreasjon.
- Trusselkatorane for dei artane som er trua og sårbare skal reduserast.

## FYLKESMÅL

- Det er eit mål å fjerne lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* frå dei infiserte lakselvene i Møre og Romsdal innan 1997 ved å behandle vassdraga med rotenon.
- Skadeverknadene av andre introduserte arter skal minimalisera. På sikt må den menneskelege åferda endre seg slik at risikoen for å innføre nye artar med spreingspotensiale i regionen vert så liten som mogleg.



*Tilflyten av framande organismar er stor og tilfeldig, og eksempelet med lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* er eit skremmande døme på kva framtida kan bringe. I omlag 15 vassdrag er laks- og sjøaurebestandane direkte trua av miljøfaktorar som inngrep, forureining og parasittar. Fylket har aldri hatt så mykje hjort som no. Dette set krap til kunnskapar om verknadene på naturgrunnlaget og andre samfunnssektorar, og utfordringar til nytenking med omsyn til organiseringa mellom grunneigarar. I fylket er det registrert heile 184 artar som er trua av uthyrding. Jerven er ein art som har greidd å reetablere seg i fylket vårt. Sjølv om konflikten med småfæra erminstasjonalisert må jerven i kjerneområdet sjåast som ei naturgjeven faktor på line med til dømes klimatiske forhold.*

Artsforvaltninga tar utgangspunkt i dei artar og bestandar som er gjenstand for særskilde reguleringar eller bevaringstiltak, samt introduserte artar som kan endre økosysterna. Spesielle utfordringar i Møre og Romsdal er aukande hjortevilbestander, konflikten mellom jerv og sau på beite og dei mange truslane mot våre lakse- og sjøaurebestandar. Faunakriminalitet, mellom anna innsamling av egg og ungar av rovfugl for sal, er ein aktivitet som er vanskeleg å påvise men med negative konsekvensar for fleire fatalige og sårbare artar.

## DÝR I DRIFT-INNFØRTE ARTAR

Innføring og spreying av artar eller bestandar som ikkje finnes naturleg i eit område vil truga arts mangfaldet, mellom anna ved konkurranse, genetisk påverknad og sjukdomsspreiing. Nye artar kan vere umogleg eller svært kostbart å fjerne når dei først er etablerte og dei kan orsake uheldige og ofte uforutsigbare verknader på økosystema og på andre verksemder. Plante- og dyreartar har ein naturleg dynamikk i å ta i bruk nytt leveområde, som til dømes auka utbreiing av elg og rådyr i Møre og Romsdal dei siste tiåra. Samstundes fører ein stadig internasjonalisering og auka samkvem mellom regionar og land til ei kraftig auke i menneseskapt og umerdveten spreying av organismer. Dei fleste framande organismane vil av naturgjevne forhold ikkje etablere seg. Når miljøforholda unntaksvis er tilstrekkelig lik dei normale for arten, vil dei etablere seg. Døme på slike etableringar i vårt fylke er mink, kanadagås, regnbogeaure, ørekryt, iberiaskogsnegl, lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, platanlønn samt ei rekke plantearter frå jord- og hagebruk. Ofte syner det seg umogleg å fjerne nye arter når dei først har fått fotfeste. Når uthyrding er mogleg er det samstundes svært ressurskrevjande. Til dømes er dei direkte kostnadene knytt til fjerning av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* rundt 12 millioner kroner berre for Møre og Romsdal.

Gjennom konvensjonen om biologisk mangfald (frå Rio-konferansen i 1992) forpliktar avtalelanda seg til mellom anna å hindre innføring av, kontrollere eller uthyrde framande artar som truar økosystem, habitater (leveområde) eller artar.

Konvensjonen trådte i kraft 29. desember 1993. Med auka samkvem og transport av dyre- og plantemateriale har mange verksemder eit ansvar for å unngå spreying av framande organismar til fylket. Dette gjeld blant anna innan transport, til dømes bruk av ballastvatn i skip, innan jord og hagebruk og innan fiskeoppdrett.

## ORDFORKLARING:

Plotenon: ei gift vunne ut av erteblomster, tidlegare nytta ved neddreping av fisk i kultivering samanheng. Nå nytta til å uthyrde lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*.

# ARTSFORVALTNING

**OVERSIKT OVER INNFØRTE PLANTE-, DYREARTAR OG MIKROORGANISMAR I MØRE OG ROMSDAL.**  
 Fylkesmannen gjer merksam på at denne lista gjeld både medveten innføring som i til dømes skogbruksamanhang, og umedveten innføring av framande arter. Lista er ikkje komplett med omsyn til planter og virvellause dyr (blant anna insekt og mikroorganismar).

| ART                             | INTRODUSERT I MØRE OG ROMSDAL   | ØKOLOGISK VERKNAD   | ØKONOMISK VERKNAD  | MOGLEGE TILTAK MOT UØNSKA VERKNADER   |
|---------------------------------|---|---|--|---|
| Mink                            | Introdusert som pelsdyr i farmar. Spreitt i hele fylket på 1950-talet   | Negativ effekt på hekkande sjøfugl og fiskebestander  | Kan redusere matnyttig fisk- og viltbestandar. Pelsen har verdi  | Bestanden kan haldast nede gjennom jakt og fangst.  |
| Piggsvin                        | Utbreisle i Møre og Romsdal er mest sannsynleg årsaka av utsetjingar på 1800-talet  | Eter insekt, meitemark, sniglar, fugl og fugleegg   | Usikker  |   |
| Kanadagås                       | Utsett i Norge med tanke på jakt i 1936 og i perioden 1965-1985   | Kan konkurre med andre fuglearter om hekkeplass, kan få avkom med grågås                              | Kan auke viltproduksjonen  | Bestanden kan haldast nede gjennom jakt, fangst og eggplukking.   |
| Stripegås                       | Stammer fra rømt parkfugl. Nokre få individ observert i fylket dei siste år. Mogleg hekking                                   | Kan hybridisere (få avkom) med grågås   | Usikker  | Bestanden kan haldast nede/ljernast gjennom jakt, fangst og eggplukking.  |
| Fasan                           | Utsett nokre få lokaliteter med tanke på jakt/ opplevingsverdi  | Eter plantekost, lett bytte for naturlege rovdyr  | Kan gjere skade på hagevekstar   | Kan fjernast gjennom jakt og fangst. Dør ut naturleg  |
| Bydue                           | Stammer frå rømte tamduer. Knytt til bebyggelse   | Kan spre parasitter   | Kan årsaka tilskiting av bygninger o.l.  |   |
| Sørv                            | Ein fisk fanga i Sula i 1991<br>Antagelig brukt som levende agn ved fiske (uloveleg)  | Usikker   |  |   |
| Gjedde                          | Utsatt på 1800-talet. Finst i nokre få vasslokaliteteter  | Eter annen fisk   | Kan redusere andre fiskebestander  |   |
| Karuss                          | Antakelig utsatt i Norge av munker i den katolske tid   | Usikker   | Usikker  |   |
| Harr                            | Introdusert via overføring av nedbørstfelt i samband med vassdragsreguleringar i Sunndal og Nesset<br>Finst naturlig i Rauma. | Konkurrent for aure (nærings)   | Kan auke fiskeproduksjonen   |   |
| Ørekyst                         | Spreidd ved at fiskere har brukta arten som levende agn (uloveleg)  | Konkurrent for aure (nærings)   | Kan redusere bestander av aure og dermed interessen for fiske  | Bestandane kan haldast nede lokalt gjennom utfisking (teiner)   |
| Regnbogeaure                    | Utsett i forbindelse med sportsfiske - rømt frå oppdrett. Få reproducerende bestander   | Kan spre sjukdomar og parasitter  | Usikker  | Tiltak for å hindre rømming frå oppdrett. Sterilisere oppdrettsfisken   |
| Oppdrettslaks                   | Rømt frå oppdrett   | Genetisk påverknad av villaks, overføring av sjukdom og parasitter.                                   | Kan gje reduserte villaks-bestander  | Tiltak for å hindre rømming frå oppdrett. Sterilisere oppdrettsfisken   |
| Ferskvannskreps                 | Utsett i Møre og Romsdal etter 1968, ikkje kjent at arten er etablert   |   |  |   |
| Furunkolosebakterie (bylesjuke) | Antagelig innført med oppdrettslaks. Første gang påvist i Møre og Romsdal i 1988. Påvist i 24 vassdrag vesentlig i 1989-91    | Smittet over på villaks-bestander   | Smitten rammer ville bestandar av laks, sjøaure og innlandsaure. Negative økonomiske konsekvenser i fiskeoppdrett. | Redusere smittepress fra oppdrettsnæringen., hindre rømming av fisk. Per i dag svært lite smittepress fra oppdrettnæringa |
| Gyrodactylus salaris            | Påvist første gong i 1975 i fiskeoppdrett. Spreidd til villaks (1980). Påvist i 18 vassdrag                                   | Utrydder laksebestander   | Meget store, blant anna tapt fiskekortsal  | Rotenonbehandling. Av 15 behandla vassdrag er forebels 9 "friskemelde"  |
| Iberiaskognsnegl                | Introdusert med planter og jord frå Mellom-Europa   | Eter plantemateriale og andre sniglar.  | Kan gjere store skadar i hagebruket.   | Umogleg å utrydde. Bestanden kan haldast nede ved å fjerne kompost o.l.   |
| Tromsøpalme                     | Innført til Norge som hageplante frå England i 1836   | Har stor spreyingsevne og har egenskaper til å hemme annen plantevækst.                               | Deler av planten er helse-skadeleg. Kan utkonkurrere annan vegetasjon i parkar, på beitemark o.l.                  | Vanskeleg å fjerne  |
| Platanlønn                      | Planta inn  | Kan med sin store spreyingsevne utkonkurrere andre lauvtreslag.                                       | Kan vanskeleggjere produksjon av kommersielle treslag.   | Nedhogst  |
| Gran                            | Planta inn på omlag 450 km <sup>2</sup> skogsmark. To naturlige forekomster i fylket; Rindal og Romsdal                       | Kan konkurrere med naturleg vegetasjon. Gir endrede levevilkår for plante- og dyreliv knytta til skog | Trevirkeproduksjon   | Begrense areal med tilplanting  |
| Lerk                            | Planta inn  | Gir veksesteder for fleire soppartar som har lerk som vertstre.                                       | Usikre   | Nedhogst  |

## FAKTA

## TRUA ARTAR I MØRE OG ROMSDAL

|                  |            |
|------------------|------------|
| karplanter:      | 18         |
| moser:           | 18         |
| lav:             | 8          |
| sopp:            | 84         |
| pattedyr:        | 12         |
| fugl (hekkende): | 42         |
| amfibier:        | 2          |
| <b>Sum:</b>      | <b>184</b> |


Jerven har gjennom historia vore omgitt av mystikk. Dette heng kanskje saman med at



jerven lever skjult i uvegsomme trakter. Jerven hadde ord på seg for å vere ein storetar og fråtsar. Erkebisop Olaus Magnus verk om nordiske folk frå 1555 viser ei teikning av en jerv som pressar seg mellom to trær og reinsar seg, slik at han kan ete meir.

## TRUA ARTAR

Ei kartlegging iverksett av Molde kommune viser at det totalt i Møre og Romsdal er 184 artar, unntatt insekt, som på nasjonalt nivå er klassifisert som trua av utsynning.



- Skog 86 artar
- Kulturlandskap 44 artar
- Strand/Fjord 19 artar
- Ferskvann 16 artar
- Fjell 11 artar
- Myr 8 artar

OVSERN OVER KORLEIS DÉI 184 NASJONALT TRUA ARTANE (UNNTATT INSEKT) I MØRE OG ROMSDAL, FORDELER SEG PÅ ULIKE NATURTYPER.

Kjelde: Jordal og Gaarder/Molde kommune 1995.

## JERVEN ETABLERER SEG I MØRE OG ROMSDAL - IGJEN

Talet på jerv i Sør-Noreg har vore følgt gjennom regelmessige sporteljingar om vinteren sidan bestanden etablerte seg i Snøhetta på slutten av 1970-talet. Sidan den gongen har bestanden både innanfor Snøhetta og i omkringliggjande fjellområde variert noko, men hovudtendensen har vore eit aukande tal dyr. Ved teljinga i 1995 hadde totalbestanden eit sannsynleg minimum på 30 individ. Dette er langt under det som etter faglege kriteriar kan seiast å vere ein levedyktig bestand i eit langsiktig perspektiv.


Gjennom vedtak i Stortinget i 1992 vart det oppretta eit kjerneområde for jerv som omfattar fjellområda Snøhetta, Reinheimen og Rondane. 3 680 km<sup>2</sup> (omlag 30 prosent) av området ligg i Møre og Romsdal. Vedtaket har ei målsetting om å ta vare på ein levedyktig starnre av jerv i

kjerneområdet og samtidig arbeide for at skadane på bufe vert minst mogleg. I Møre og Romsdal går det årleg tapt mellom 8-10 000 sau og lam på utmarksbeite. Søknader frå sauueigarane om erstatning for rovviltskade viser at godt under 10 prosent av det samla tapet vert påstått å skuldast jerv. I all hovudsak er det lam som går tapt grunna jerv og tapa er ofte størst i siste delen av beitesesongen. Sjølv om tapet som jerven er ansvarleg for kan seiast å vere moderat for sauuenæringa i fylket, kan konsekvensane for enkeltbrukarar vere store.

Jerveskade som eit stort problem kjenner ein så langt berre for delar av kommunane Surnadal, Sunndal, Nesset og Rauma. Omsynet til bestanden tillet ikkje at ein i kjerneområdet avlivar jerv i eit omfang som gir vesentleg reduksjon av skadenivået. Innan kjerneområdet må ein heller arbeide for å redusere skadeomfanget og dempe konflikten mellom næring og vern gjennom førebyggande tiltak og økonomiske verkemiddel. Det ligg ei stor utfordring i å vinne aksept for at jerven innanfor kjerneområdet er eit rammevilkår som beiteinteressene i utmark må leve med og tilpasse seg på same måten som ein må leve i samspel med andre skrankar og problem som naturen set for beiting i utmark. Det må her strekast under at jerveskade som eit økonomisk problem i hovudsak vert kompensert av samfunnet.

— Grense for kjerneområde

● Kommunar med regelmessig observasjon av jerv



UTBREILING AV JERV I MØRE OG ROMSDAL

Det er mykje som tyder på at det ikkje er plass til vesentleg fleire jerv innafor kjerneområdet enn dei ein no har. Sjølv med eit høgt fråfall på ungestadiet vil det kunne bli ein større nettoproduksjon enn det som skal til for å erstatte eldre dyr som av ulike grunnar går ut. Dette eventuelle overskotet kan vandre ut av kjerneområdet og etablere seg på nye areal. Etter vedtaket i Stortinget skal ein også kunne akseptere førekomenst av jerv utanom kjerneområdet. Av omsynet til ein levedyktig jervestamme på lang sikt er det særskilt viktig at jervepopulasjonen i dette sør-norske kjerneområdet kan utveksle individ og gener med andre jervepopulasjoner lenger nord i landet. Utafor kjerneområdet må ein likevel kunne akseptere å felle jerv dersom det utviklar seg eit skadeproblem.

### HJORT, VÅR NYE UTMARKSBEITER

Det har i historiske tid aldri vore så mykje hjort i fylket som no. Hjorten representerer ein ressurs både for rettighetshavere og i friluftssamanhang som jaktobjekt og opplevingsverdi. Samstundes er det viktig å balansere hjortebestanden i fylket ut i frå beitegangen og skadegjering på innmark og skog.

Vi veit ikkje kor mange hjort som er i dei ulike delane av fylket. Ein har berre indirekte mål for bestanden ut frå fellingsstatistikk og vårteljingar på innmark.

Avskytinga i fylket har auka frå 393 dyr i 1954 til bortimot 6000 hjortar i 1995, sjá tabell. Viktige årsakar til den sterke auken er reduksjonen av husdyrbeite i utmarka, og retta avskyting. På kommunenivå er det nokre plassar ei ueheldig utvikling med for høgt uttak av produktive hodyr og for lågt uttak av kalv. Dette medfører at desse bestandane vil produsere få kalvar i høve til det vinterbeitet dei nyttar. Det ser ut for at det er tilgangen på gode vinterbeite som regulerer talet på dyr, og dette er såleis ein svært lite økonomisk måte å hauste av bestandane på. I tillegg fører det til ustabile bestandar mellom anna idet unge hodyr står for ein stadig større del av kalveproduksjonen. Ut i frå at hjorten kan ha lange trekk mellom ulike årstidsbeite er det sette i gong merkeforsøk for å kartlegge nokre av desse trekkrutene. Kvaliteten av vinterbeiteområda er ofte avgjørende for levekåra for hjort frå eit stort omland.


Fleire faktorar i tillegg til beitetilbodet vil vere med å avgjøre det framtidige hjorte- talet i Møre og Romsdal. Dette gjeld mellom anna beiteskadar på innmark og skog, vilthensyn teken i skogbruket og trafikk- ulukker grunna kollisjon med hjort.

Oversynet over kor mykje hjort det er i dei ulike delane av fylket må betrast. Det må og skaffast oversyn over kor store skadar hjorten valdar samt kartlegge slitasje på naturleg beite, særskilt i vinterbeiteområda, slik at bestandane kan justerast til eit berekraftig nivå. Blåbærlyngen som er ei viktig beiteplante i dei fleste vinterbeiteområda, er ein god indikator på beitetilstanden.

### FAKTA

#### MÅL

- Bestandene av hjort skal stabiliserast innafor eit nivå som til ei kvar tid blir vurdert som berekraftig, både i forhold til bestandane sin kvalitet, naturgrunnlaget og i forhold til verksemder i andre samfunnsektorar.
- Hjortebestandane skal og ha ein biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur og oppretthalde sin naturlege genetiske variasjon.
- Hjortebestandane skal gi mest mogleg stabil avkasting som grunnlag for ein sunn økonomisk og rekreasjonsmessig utnytting.



**FAKTA****ORDFORKLARING:****Retta avskyting:**


Avgjerd om kjønns- og alderssamansetting på dei dyra som er lov å felle i jakttida. Til dømes kan ein skyte relativt mange kalv/ungdyr og få produktive hodyr for å auke bestanden.

**TELJANDE AREAL:**

Areal som ligg til grunn for tildeling av fellingskvote.

Dei ulike delbestandane i fylket bør stabilisera seg mest mogleg slik at føresetnadene for landbruksnæringa blir mest mogleg stabile både når det gjeld inntekter og utgifter som er grunna hjorten. Dette bør også føre til betring av organiseringa av jaktretthavarane slik at det blir råd å få til ei langt meir rasjonell jaktutøving enn det som er tilfelle i dag. Mellom anna vil ei organisering i større vald gje hjortejakta større fleksibilitet i høve til å jakte der hjorten befinn seg, og gi bedre grunnlag for å avklare konfliktar mellom hjortejakt og anna friluftsliv om hausten, sjá figur.

Dersom jaktretthavere ønskjer å auke hjortebestanden som soknar til hardt belasta vinterbeiteområde, vil det vere trøng til særskilt skogskjøtsel i vinterbeitet for å auke produksjonen av hjortemat. For å gjøre dette økonomisk forsvarleg for dei som eig areal med vinterbeite vil det vere trøng til eit utvida regionsamarbeid med til dømes private økonomiske utjamningsordningar. Ei slik ordning må verke slik at grunneigarar i vinterområdet for hjorten får sin del av avkastninga av grunneigaren som hauster av hjorten i dei sommarbeiteområda som soknar til det aktuelle vinterbeite.



TELJANDE AREAL I  
DEKAR PER HJORTEVALD I  
ULIKE KOMMUNAR SAMT  
FYLKESGJENNOMSNITT


**FERSKVASSFISK I****MØRE OG ROMSDAL**

Faktorar som truar fiskebestandane er i hovudsak parasittar, sjukdommar, landbruksforeining og fysiske inngrep i vassdrag. Problema med parasittar og sjukdommar er i alt vesentleg knytt til laks og sjøaure, mens fysiske inngrep påverkar dei fleste artane. Det er registrert 10 artar av ferskvassfisk i Møre og Romsdal som reproduserer. Av desse er 5 artar regna som innførd av menneske,

sjå tidlegare i kapittelet. Dei mest utbrede artane er laks og aure. Desse har stor verdi både for rettighetshavar, sportsfiskarar og næringsfiskarar i sjøen. Årleg innrapportert langst av laks har vist ein reduksjon i mengda i seinare år, medan fångsten av sjøaure har auka sjá figur. Det er til no ikkje registrert forsuringsskadde fiskebestandar i fylket.

**FAKTA**

Hovudmålet er å sikre levegyptige bestandar av laks og sjøaure. Vidare skal fiskeressursane forvaltes i henhold til driftsplana ularbeida av rettighetshavar i samarbeid med kommune og brukar.



ÅRLEG INNRAPPORTERT ELVEFANGST AV LAKS OG SJØAURE I MØRE OG ROMSDAL I PERIODEN 1970-1995.

## FAKTA

## ORDFORKLARING:

BKD:

Bakteriell nyresjuke

IPN:

Infeksiøs pankreasnekrose

## LAKS


I Møre og Romsdal er det registrert laks i 142 vassdrag. Gjennom ei kategorisering av vassdraga legg forvaltninga no opp til differensiert forvaltning av den enkelte stamme, sjå figur. Kategoriseringa er avgjerdande for fastsetjinga av fisketid og reiskapsbruk.

Lakseparasitten Gyrodactylus salaris er det største trugsmålet for villaksen i fylket vårl. Den mest utbredte sjukdommen på villaks er likevel furunkulose. I tillegg er fiskekjukdomane BKD og IPN registrert.

Oppdrettsnæringa har auka svært mykje i produksjon og bruk av tal lokalitetar dei seinare åra. Smittepresset av lakselus til laksefiskbestandane har auka i takt med dette. For laks er det berre under smoltutvandringa frå elvane til oppvekstområda i havet at fisken er utsatt for smittepress.

Forsking har vist at laksesmolten vil kunne døy hvis den blir utsatt for berre 10-15 lakseluslarvar. Førstels veit vi for lite om i kor stor grad lakselus er bestandsregulerende på villaksbestandane, noko det er avsett ressursar til å sjå nærmere på i 1996, sjå meir om lakselus under sjøaure.

For å redusere beskatningstrykket på laksestammene er det i dei siste åra gitt meir lokalt tilpassa fisketider og reiskapsbruk. Fisketidenie både i elv og sjø er innkorta og fiske etter laksefisk med fastståande rølkap er no avgrensa i forhold til tidlegare. I 1992 ga fylkesmannen ut ei forskrift for freding av sjøområde ved utløp av vassdrag. Forskrifta omfattar 78 ulike munningsfredingssonar med i alt 92 elvar.



BESTANDSSSTATUS FOR LAKS OG SJØAURE I MØRE OG ROMSDAL

**SJØAURE:**

I Møre og Romsdal er del registrert sjøaure i 226 vassdrag. På same måte som hos laks legg forvaltninga no opp til ei differensiert forvaltning gjennom kategorisering av bestandane, sjå figur. Kategoriseringa er avgjerande for fastsettjing av fiskeforskrifter.

Lakselus er vanleg på ville bestandar av sjøaure i sjøen. Lustalet er vanlegvis lavt. Lakselus, som i seinare år har vore eit problem i oppdrettsnæringa, har ført til meir lus på villfisk av sjøaure. Sjøauren har heile sitt livsløp i nærområda til elva den har vakse opp i, ofte innafor den fjorden elva munnar ut i. Dette medfører at den er utsett for smittepress frå den vandrar ut som smolt og livet ut. Sidan 1990 har sjøaure enkelte stader hatt svært høg infeksjonsintensitet av lakselus, og ein fryktar at mykje sjøaure dør som følgje av dette. Smolten dør ofte av dei skadane lusa påfører fisken gjennom å punktere huda og vanskeleggjere osmoreguleringa. Tiltaka i oppdrettsnæringa gjennom bruk av leppefisk som et lakselusa på fisken og hindrar gyting, og avlusing ved kjemikaliar har til no ikkje vore tilstrekkeleg til å redusere problema. Det er naudsynt med meir felles avlusing i alle oppdrettsanlegga innafor naturleg avgrensa område for at effekten av avlusing skal bli betre.

Sjøaure ulnyttar ofte små elver og bekker i tillegg til å halde til i store systemer. Arten er difor utsett. Små naturinngrep som ein i utgangspunktet ikkje skulle tru ville ha negativ verknad skader lett livsvilkåra for sjøaure. Dette er inngrep som til dømes bekkelukking og fjerning av kantvegeland. Sjøaure er ellers utsett for dei same trugsmåla som laks.

**VASSDRAGSREGULERINGER OG FISK**

I Møre og Romsdal har vi 29 vassdragsreguleringer. I 12 av desse er det gjeve pålegg om utsetting av fisk. I lang tid har det gått føre seg eit utstrakt kultiveringsarbeid. Denne verksemda har ikkje alltid teke omsyn til dei lokale bestandsforholda og til kunnskapen om stadeigen stamme. I samråd med regulantane har fylkesmannen undersøkt vassdraga og i 1996 kome med tilrådingar om framtidige avbøtende tiltak og kultiveringstiltak. For mange av lokalitetane vert det anbefalt å redusere utsettinga av fisk. Årsaka er at overallige bestandar gjer at fisken vert småvokst og lite attraktiv for fiske.

Talet trua og sårbarle lakse- og sjøaurebestandar er urovekkjande høgt. På kort sikt er fleire av bestandane truga av ulrydding dersom miljøforholda ikkje endrar seg. I dei regulerte vassdraga har nye fiskeribiologiske undersøkingar gitt grunn for å tilrå nokre endringar i kultiverings-tiltaka. På sikt vil dette betre kvaliteten på fiskebestandane og dermed interessen for fisket.

**FAKTA****LITTERATUR:**

- Rundskriv 3/90. Forvaltning av hjortevilt, Direktoratet for Naturforvaltning.
- Handlingsplan for hjortevilt mot år 2000. DN-rapport 1995-1. Direktoratet for Naturforvaltning.
- Skogbruket og det jaktbare viltet. 1996. Møre og Romsdal Skogselskap.
- Biologisk mangfold i Molde kommune (Jordal, J.B og Gaarder, G. 1995), del 1 og 2. Molde kommune 1995.
- Oversikt over norske vassdrag med laks, sjøaure og sjørøye pr. 1. januar 1995. DN-notat 1995-1.
- Forvaltning av freda rovvilt i Møre og Romsdal 1991-1994. Rapport 10/1995 Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelingen.

## FAKTA

## NASJONALE MÅL:

- Frede eller bevare 15-20 områder som kulturmiljø eller kulturlandskap i løpet av 5 år
- Utarbeide forvaltningsplanar i de mest verdifulle kulturlandskapsområda
- Sikre en betre tilstands- overvaking og resultatkontroll av kulturlandskapet i jordbruket
- Sikre at kulturlandskapsomsyn vert innarbeidd i arealplanar etter plan- og bygningslova.

## FYLKESMÅL:

- Fullføre arbeidet med utforming av forvaltningsplan i modellområde-kulturlandskap på Sørsmøya
- Samarbeide med fylkeskulturlandskapsgruppa, landbruksstyretemakten, kultur- og planetallane om informasjon, vernetiltak og tilskottssordningar
- Fortsette arbeidet med nyregistreringar og oppfølging av allereie registrerte kulturlandskapsområde med særleg fokus på slåtteenger, lyng- og grasheier ved kysten og gamle fjelbeitemarker.



Kulturlandskapet er ein del av vår identitet og er viktig for artsmangfaldet og er samstundes ein ressurs i opplevelsing- og reiselivsamanhang. Mekanisering og auka bruk av kunstgjødsel har sterkt utarma kulturlandskapet botanisk dei siste tiåra. I More og Romsdal er det mindre enn 10 kjente lokalitetar av dei artsrike lite gjødselpåvirka slåtteengene, som framleis er i bruk. Dei store samanhengande utmarksareaala ved kysten (lyng- og grashei) som framleis er upåvirkta av luftforureining og fjellbeiteområda med stort artsmangfald, står i fare for å forsvinne.

Kulturmiljø og kulturlandskap er område som synar menneske sin utnytting av naturressursane og tilpassing til landskapet. Kulturmiljø omfattar alle historiske spor i omgjevnadene og kan nyttast om til dømes jordbruk/seterilandskapet og samanhengande bygningsmiljø og anlegg i byar og tettstader. Det er ei utfordring å ta vare på den opplevingsverdi, variasjonsrikdom og kjelde til kunnskap om fortida som ligg i kulturmiljø og kulturlandskap.

**HYGROCYBE SPLENDIDISSIMA**  
Denne vokssoppen er eit døme på kor mykje vakker ein kan finne i eit kulturlandskap. Arten har enda ikkje fått norsk namn.  
Foto: John Bjørnstad



## BLOMSTERENGENE FORSVINN

I vårt hundreår har det vore store endringer i landbruket. Krav til rasjonalisering og effektivitet har gjeve oss eit mindre variert landskap enn før. Dermed har levekåra for plante- og dyrelivet endra seg i forhold til det gamle jordbrukslandskapet. Særlig har bruken av kunstgjødsel som endrar næringsforholda i jorda, årsaka dette. Dei tidlegare utbreidde slåtteengene og beite-markene, betre kjent som blomsterenger, er no berre som små restar i eit ellers intenst drevet jordbrukslandskap. I fråflyttingsstrok er dei meir eller mindre grodd igjen og nokre er tilplanta. Både artsmangfaldet og vår historie og identitet som ofte er knytt til kulturmiljø og kulturlandskap, vert gradvis utarma.

Siktemålet er ei forvaltning av kulturlandskapet der mellom anna landbruket tek vare på produksjon av mat og trevirke, det biologiske mangfaldet, kulturminna og opplevinga knytt til landskapet.

Bygningane i jordbrukslandskapet er ein kombinasjon av nye og gamle våningshus og driftsbygninga. Nokre få av dei gamle husa blir no tekne vare på sjølv om dei i dag ikkje fyller nokon annan funksjon enn å minne oss om kultur og arbeidsmåtar som høyrer til fortida. Somme gjer dette med statleg tilskot, andre utan, men det skjer alltid ut frå eit bestemt verdisynt.

Einskilde tradisjonelle naturtypar som seterbeitemark og kystbeitemark har framleis økonomisk interesse, og blir tekne vare på til ein visst grad, men med mindre ryddeinnsats enn før. Det er viktig å ta vare på desse gamle kulturmarkstypane. Dei inneheld ein rekke arter som no går sterkt attende og dermed er vurderte som arter trua av utrydding, sjå tabell (faktarute side 21).




Kystlandskap, Skutholmen Fræna kommune.

Dei fleste av dei restane vi har av lite gjødselpåvirka slåtteenger -blomsterenger, er gått ut av bruk. I Møre og Romsdal kjenner vi berre mindre enn 10 slike lokalitetar som framleis er i bruk. Når det gjeld naturbeitemarker nær gardane, så er det nokre fleire, men det er langt mellom dei verkeleg artrike lokalitetane. Fleire av desse brukta står i fare for å gå ut av vanleg drift. Det same gjeld for utmarka på kysten der dei i stor grad er gått ut av bruk i seinare tid. Til dømes er lyngheiene ein naturtype som ikkje lenger blir skjøtta i særleg grad. Det finst enno nokre kystgrasheier med eit godt beitetrykk og stort biologisk mangfald, og desse er truleg noko av dei mest verdifulle og særmerkte i kulturlandskapet i fylket. Sør i fylket, til dømes i Mulevika på Nerlandsøya i Herøy finn ein gras-og lynghei som ein kan samanlikne med dei ein framleis finn på Færøyane, Orknøyane, Shetland og i Skottland. Men denne naturtypen blir stadig sjeldnare i Europa og det skal lite til av redusert beitetrykk før dei gror att.

X Større samanhengande områder

● Mindre områder



UTVALDE OMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL I SAMBAND MED NASJONAL REGISTRERING AV VERDIFULLE KULTURLANDSKAP

I innlandet har vi areal med utmark og seterområde som framleis blir beita. Fleire område peikar seg ut som biologisk verdifulle: setervollar i øvre Sunndal, særleg Grøvuvsaasdraget, Jordalsvøttu i Sunndal, setervollar på Nordmarka i Surnadal, setervollar i Brøstdalen i Rauma og i Herdalen i Norddal. I mange av seterområda held beitetrykket seg oppe, medan det å rydde kratt og hogge ved i stor grad er opphørt. Beitedyra maktar ikkje å motverke ei forbussing og attveksling med skog.

Det er ikkje tvil om at Møre og Romsdal har så store verdiar knytt til kulturlandskapet at vi har eit internasjonalt forvaltingsansvar for å verne om det biologiske mangfaldet. Særleg dei store samanhengande utmarksareaala ved kysten (lyng- og grashei) som framleis er upåvirka av luftforureining blir meir og meir sjeldsynt i resten av Europa. Det er fare for reduksjon i dyretalet i fleire av dei verdifulle kystbeitemarkene grunna sviktande økonomi i desse brukta. Det same gjelder fjellbeitemråda med stort artsmangfald. Dersom utviklinga med tap av kulturlandskap ikkje blir snudd mister vi deler av vår nære historie, artsmangfaldet reduserast og landskapet mister kvalitetar i oppleveling- og reiselivssamanhang.

## FAKTA

### NASJONALT TRUA ARTAR I KULTURLANDSKAP I MØRE OG ROMSDAL.

|          |    |
|----------|----|
| Planter  | 4  |
| Moser    | 4  |
| Lav      | 1  |
| Sopp     | 28 |
| Pattedyr | 3  |
| Fugl     | 4  |
| Sum      | 44 |

Kjelde: Jordal og Gaarder 1995

### LITTERATUR:

- Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvern-avdelinga, rapport nr.6 1994.
- Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1994. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruks-avdelinga, rapport nr.2-95.
- Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Tilleggsregistreringar 1995 (i trykk) Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvern-avdelinga, rapport nr.15-95.
- Biologisk mangfold i Molde kommune (Jordal, J:B. og Gaarder, G. 1995), del 1 og 2. Molde kommune 1995

## FAKTA

## NASJONALE MÅL:

- Det langsiktige mål er å redusere belastninga av forsuringa til et nivå kor naturen ikke blir påført skade  
(naturen si tolegrense)

- Kortsiktige mål: 30 prosent reduksjon av NOx - utsleppa innan 1998 med basisår 1986.
- 76 prosent reduksjon av SO<sub>2</sub>-utsleppa innan 2000 med basisår 1980.

## ORDFORKLARING

## Naturen si tolegrense:

Utrekna verdiar basert på kunnakapar om når skade kan oppre på naturmiljøet, som til dømes fiskedød og skogskadar.

## pH:

Surleiksgrad, pH 7 er nøytral, pH 6,0 til 6,5 er vanleg i overflatevatn i Møre og Romsdal.



*Tilføring av svovel迪oksyd (SO<sub>2</sub>), nitrogenoksid (NOx) og ammonium via luft og nedbør forsurar vassdrag og skadar fisk og planteliv. Berggrunnen og jordsmonnet i Møre og Romsdal har liten evne til å nøytralisere det sure nedfallet og tolegrensa for tilførsler av sur nedbør til overflatevatn er låg. Trass i dette er det til no ikke registrert forsuringsskadar på naturmiljøet i fylket. Klimaendringar kan auke faren for forsuringsskadar.*

- "100-sjoar" vatn
- Overvakingselvar
- Bakgrunnsstasjon og avrenningsfelt




## INGEN FORSURINGSKADAR I MØRE OG ROMSDAL

Surt vatn kan føre til at metall blir løyst ut fra jorda og vassleidningar, og gi dårlig drikkevasskvalitet og helseproblem. Sur nedbør vil også tære på tre, stein, metall i bygningar og monument.

I Møre og Romsdal blir tre vatn, to elvar (Ørsta elva og Rauma) og ein bakgrunnsstasjon (Kårvatn) årleg overvaka i samband med det nasjonale programmet for overvakinga av langtransportert luftforureining ("100-sjoar"). I tillegg var det i 1986 og 1995 gjennomført ei større kartlogging av forsuringssitstanden i ei rekke innsjøar og vatn. I vårt fylke utgjorde dette 47 vatn i 1986 og 64 vatn i 1995. Overvakinga omfattar måling og verknaden av langtransporterte forureiningar i luft, nedbør, vatn og jord.

Over 90 prosent av det forsurande nedfallet til Norge kjem frå andre land, med Storbritannia, Tyskland og Russland som dei viktigaste bidragsytarane. Skadane har vore storst på Sør- og Sørvestlandet. Det er påvist forsuringsskadar heilt til Nordfjord i Sogn og Fjordane fylke. Det er til no ikke påvist forsuringsskadar på naturmiljøet i Møre og Romsdal. Likevel er tolegrensa for forsuring overskreden i 17 prosent av arealet i fylket. Til samanlikning er tolegrensa overskredet i omlag 60 prosent av arealet i Sogn og Fjordane.



UTVIKLINGA AV SULFAT (SO<sub>4</sub>) OG PH I NEDBØR, KÅRVATN I PERIODEN 1978 TIL 1994.  
KJELDE: STATENS FORURENSNINGSTILSYN.

Med sin naturleg lage motstandskraft mot forsuring ville ein auke i svovel og nitrogennedfall på kort sikt gi påviselege skadar på naturmiljøet i Møre og Romsdal. På landsbasis er svovelnedfallet redusert med om lag 75 prosent frå 1980 til 1994. Ved bakgrunnstasjonen på Kårvatn er det registrert ein reduksjon på 48 prosent sulfat i nedbøren i same tidsrommet, sjå figur. Denne positive utviklinga tyder på at svovel ikkje vil ulgjere nokon akull trussel mot natur-miljøet i fylket.

Nitrogenet vil bidra relativt meir til forsuringa etter som svovelutsleppa i Europa blir redusert. Avsetning av nitrogenforbindelsar via luft gir betydeleg overgjødsling både på land, i ferskvatn og i kyst- og havområde. Innsatsen for å avgrense nitrogenutsleppa blir av den grunn viktigare. Arbeidet med å redusere forsurande utslepp foregår både nasjonalt, til dømes ved betra teknologi og bruk av svovelfattig olje, og internasjonall ved forpliklante avtalar (konvensjonar) landa i mellom.

Sjøsaltepisodar er eit naturleg fenomen som oppstår når salttrikt havvatn blir transportert innover land. Sjøsalta har evne til å vaske ut hydrogenion frå jordmonnet som igjen medfører forsuring av elvar og vatn. Skade på fisk og anna biologisk liv har blitt registrert etter slike episodar i område som elles mottar mykje sur nedbør (Sør- og Sørvestlandet). Kombinasjonen av sterkt pålandsvind, milde vintrar og mykje nedbør kan medføre auka frekvens av slike episodar.

## FAKTA

### LITTERATUR:

- Overvåking av langtransportert forurenset luft og nedbør. Årsrapport 1994, rapport 628/95 - Statens Forurensningsstilsyn (SFT).
- Kjemisk overvåking av norske vassdrag - Elveserien 1994. NINA-NIKU oppdragsmelding 371, 1995.

## FAKTA

## NASJONALE MÅL:

- Ei rekke miljøgifter skal reduserast med 70 prosent eller meir innan 1995 med 1985 som basisår, målet er ikkje nådd for nokre av stoffa
- Talet på helse- og miljøfarlege produkt skal reduserast
- Utslepp frå produkt som kan medføre helseuskader via forureining av det ytre miljø skal reduserast
- 450 deponi og forureina grunn i Norge skal vere vurderte innan 1995 med omsyn på eventuelle tiltak



*Miljøgifter er stoff som kan gi skader på naturmiljøet sjølv ved lave koncentrasjonar eller i små mengder. Dei er lite nedbrytbare og kan bli akkumulerte i næringskjedene. Dei miljøgifta som har vore dei største miljøproblema i Møre og Romsdal er bly, koppar, kvikksolv, tjærestoff (PAH) og tinnorganiske bindingane.*

## MINDRE KJEMIKALIAR OG MEDISINBRUK I FISKEOPPDRETT

Bruken av antibakterielle middel (antibiotika) i matfiskoppdrett i merder blir normalt tilført gjennom føret til fisken. Førspel og avløring frå fisken medlører at desse stoffa blir spreidde i næringskjedene. Dette er eit lite problem i dag, då utvikling av vaksinar har redusert sjukdomsproblema vesentleg og bruken av antibiotika er i dag svært låg.



Bruken av kjemikalialar for bekjemping av lakselus viser at det er ein klar nedgang i bruken av dei minst miljøvennlige stoffa, Nuvan og Neguvon, medan det mest miljøvennlige stoffet Hydrogenperoksyd er sterkt aukande. Førebyggande tiltak som "biologisk avlusing" ved bruk av leppefisk (som et lakselus) og felles avlusingar i regionar har redusert behovet for kjemiske avlusingar.

I både slakteri, matfiskanlegg og settefisk-anlegg blir dei nytta ei rekke kjemikalialar for desinfisering og reingjering. Undersøkingar utført av Statens Forurensingstilsyn tyder på at bruken ikkje utgjer nokon betydeleg miljørisiko ut ifrå at bruken er sporadisk. Ingen av midlane er persistente, utsleppa til sjø gjer rask fortynning og forbruket er relativt lite.

## OPPRYDDING AV GAMLE SYNDER

Sunndalsfjorden med høgt tjærestoffinnhold (PAH) og kosthaldsrestriksjonar har vore blant dei største miljøproblem i fylket. Det høge innhaldet av PAH skriv seg blant anna frå Hydro Aluminium AS, Sunndal. I ein undersøking i 1986 - 1988 blei det funne sterkt forhøyde nivå av PAH i sedimenta innst i fjorden. Men det blei berre funne moderat påverknad av blautbunnsfaunaen og gruntvassamfunna innst i fjorden. Frå 1987 til 1991 har PAH i strandsnegl og blåskjel vist ein klar nedgang og påverknaden i dei ytre fjordområda er no ubetydelege. Det er framleis kosthaldsrestriksjonar innst i fjorden, sjå figur.

Det er eit mål å redusere farene for alvorlige forureiningsproblem som skuldast tidlegare feildisponeringar av miljøgifter og spesialavfall til eit minimum innan år 2000. Koppar er ei miljøgift som nyttast mellom anna til impregnering av fiskenerter og som bolnstoff på båtar for å hindre begroing. Dette fører til lokale opphopingar av koppar i sedimenta ved notvaskeri/impregnéringsanlegg og skipsverft. Ein undersøking i 1995 av sedimenta utafor nokre industriområder i fylket har dokumentert mellom anna dette miljøproblemene. Utafor einsklide industriområder, hovudsakleg skipsverft, er det funne høge verdier av bly, koppar, kvikksolv og PAH, sjå figur side 25. I Åslevågen ved Ålesund er det i tillegg funne særskilt høge koncentrasjonar av kvikksolv og ein del organiske miljøgifter i overflatesedimenta.

**PERSPEKTIV**

Det er ei større problemforståing blant fiskeoppdrettarane og veterinærstyresmaktene når det gjeld skadeverknadene av medisinering og kjemikaliebruk. Utviklinga er aukande bruk av biologiske bekjempingsmetodar og mindre giftige middel. Til dømes er bruk av antibiotika eit lite problem i dag, då utvikling av vaksinar har redusert sjukdomsproblema vesentleg. Forbruket av koppar har auka mellom anna til notimpregnering. Vi kan forvente å få

høgare kopparinnhald i sediment der som det ikkje blir innført restriksjonar i kopparbruken.

På bakgrunn av sedimentundersøkinga i 1995 kan det vere behov for nærmare granskningar og tiltak på einskilde av dei undersøkte industrilokaltetar, for å redusere verknaden og framtidige utslepp av miljøgifter.

Utsleppa til Sunndalsfjorden av mellom anna PAH er sterkt redusert. Ein av årsakene er bruk av ny og betre teknologi ved Hydro Aluminum på Sunndalsøra.

**FAKTA****ORDFORKLARING:**

**Persistente miljøgifter:**

Stoff med giftveknad på levande organismar som ikkje blir brote ned. Hopar seg opp i næringskjedene.


**Marine sediment:**

Avleira botnfall - øvste sjikt av havbotnen.

**PRØVEOMRÅDE**

- 1 Fosnavågen
- 2 Dalasundet, vest
- 3 Vevang
- 4 Ørjavik
- 5 Nerbøvågen
- 6 Moldefjorden (Bolsønes)
- 7 Vestnesbukta
- 8 Tomrefjorden, indre
- 9 Søvika
- 10 Langevågen
- 11 Vegsund
- 12 Fiskarstrand, Kavlesundet
- 13 Hjørungavågen (Liavågen)
- 14 Lyngesvika, v. Ulstein øst
- 15 Tjørvåg
- 16 Djupvika
- 17 Gurskebotn
- 18 Larsnes
- 19 Ørstafjorden, v. Ørsta stålind.
- 20 Voldafjorden
- 21 Tomrefjorden, ytre
- 22 Dalasundet, øst
- 23 Lyngesvika, v. Kværner Kleven
- 24 Frøystadvågen
- 25 Ørstafjorden, v. Ørsta
- 26 Lyngesvika

- God
- Mindre god
- Nokså dårlig
- Dårlig
- Meget dårlig



OVERSYN AV MILJØGIFTER (TUNGMETALL) I MARINE SEDIMENT UTANFOR 26 INDUSTRISTADER I MØRE OG ROMSDAL. TILSTANDSKLASSE ETTER DEN DÅRLEGASTE INDIKATOR AV KARTLAGDE TUNGMETALL..

## FAKTA

## NASJONALE MÅL:

- Innan utgangen av 1996 skal det være etablert et system for å kontrollere statens beredskapsverne
- Ivertaking av større strandsaneringsoperasjoner skal innan utgangen av 1996 være innebygget i miljøvernmyndighetene sin beredskapsplan
- Alle 34 beredskapsregionar i Norge skal ha godkjende beredskapsplanar for akutt forureining innan 1999
- Det skal føreligge godkjende beredskapsplanar for akutt forureining for 47 bedrifter med særskild høy risikopotensiale innan 1997
- Det skal i løpet av 1996 være undersøkt 36 potensielt miljøfarlege skipsvrak langs norskekysten

## FYLKESMÅL

Det er eit mål å utarbeide beredskapsplanar mot akutt forureining for Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Planane skal vere ferdige i løpet av 1996 og kunne setjast i verk frå 1. mai 1997.


## ORDFORKLARING:

## strandsanering:

Fjerning av oljesøl frå strender

## LITTERATUR:

Vårt felles miljø; 1) Olje og 2) Kjemikalier. Utgjevne av Statens Forurensingstilsyn (SFT) 1990.



*Akutte utslepp av olje kan skade organismer i havet og i strandsonen. Dei viktigaste effektane er giftighet, hindret opptak av livsviktige gassar og næringsstoff, og tap av isolerande og vassavstøytande eigenskaper. Petroleumsverksemda offshore har dei fleste akutte utsleppa, mens forureining etter skipshavari er årsak til omfattande og kostbare oljevernaksjonar. Sidan 1990 har det vore to oljevernaksjonar i samband med oljeutslepp frå skip utafor kysten til Møre og Romsdal.*

## TRANSPORT AV FARLEG GODS

Kjemikaliar representerer ein potensiell risiko for menneske, dyr og planter. Ut frå Ålesund blir det dagleg transportert minst 40 tankbilar med farleg gods, av desse er halvparten bensin. Tilsvarande går det dagleg ut frå Kristiansund seks tankbilar. Desse tankbilane fordeler seg i heile fylket men dagleg går minst 15 bilar forbi Brudsalsvatnet som er Ålesund sin drikkevasskjelde.


Langs kysten i fylket ligg verft som jamnleg får transport av gods. Både verfta og fleire større fraktselskap som trafikkerer kysten får bunkring av eigne skip slik at oljetransporten langs kysten av fylket er uoversiktleg. Sunndalsfjorden er den fjorden i fylket med størst transport.

Både Hydro Aluminium og Aluscan har transport av aluminiumsprodukt og -avfall, Over 10 skip går ukentlig ut frå ei av desse verksemda. Konsekvensane i naturmiljøet av akutte oljeutslepp avheng meir av omstende enn av storleiken til utsleppet. Store utslepp kan derfor i nokre tilfelle gi små skader, mens små utslepp kan få store lokale miljøkonsekvensar.

Alle kommunane i fylket, unntatt Rindal, har vore med i eit av dei tre oljevernutvala. Desse oljevernutvala har større og mindre depot til sin rådvelde for å kunne vere budd på ei ulykke til havs. I Ålesund er det eit større statleg depot, mens det på 12 andre stader i fylket er mindre depot, sjá figur. I 1991 og 1992 måtte Sunnmøre Interkommunale oljevernutval hjelpe til ved SFT sin aksjon med forliset til Sonata og Arisan.

Petroleumsvirksemda aukar i omfang og spreiar seg til nye område. Delar av skipsflåten blir eldre og standarden blir dårligare. Man forventar at skipstrafikken i norske farvatn vil auke, mellom anna på grunn av at handelen mellom Russland og kontinentet aukar. Alt dette inneber ei stigande trussel for oljeutslepp i norske farvatn. Erfaringane frå skipsforlis langs kysten viser at det er urealistisk å forvente at det lar seg gjøre å samle opp all olje frå sjøen. Det vil vere uunngåeleg å få olje på kysten ved slike ulykker.

Ca 16 mil nord for Smøla



OVERSYN OVER DEPOT FOR OLJEVERN, OLJEBORINGSPLATTFORM OG SKIPSULYKKER MED OLJEUTSLEPP I MØRE OG ROMSDAL.



*Folk i Møre og Romsdal er berre såvidt kome i gang med å legge om atferd når det gjeld avfallsbehandling. Men folk flest er ofte meir motiverte til kjeldesortering enn det kommunane klarer å tilby som praktisk løysing. Men folk vil helst ha meir opplysning om ordningane og positiv tilbakemelding om at dei er flinke og at det nyttar.*

Menneskeleg aktivitet har i alle tider skapt avfall. I tidlegare samfunn blei mesteparten av avfallet nytta eller hadde slik karakter at det gjekk inn i kretsløpet. Ved industrialisering og utvikling av konsumsamfunnet har mengda varer og utvikling av nye typar stoff og materialar ført til at avfallsmengda har auka svært mykje, samstundes som mange nye avfallstypar fører til helse- og miljøproblem.

I dei seinare åra er det etablert stadig nye ordningar innafor næringsliv og offentleg verksemder produkt kan nyttast fleire gonger, eller der tradisjonelt avfall blir nytta som råstoff eller energi. Likevel har avfallsmengda som blir deponert eller behandla stadig auka.

Samtidig har utilfredsstillende behandling ført til lokale ulemper som forsøpling, lukt, fugleplager, forureining, samt meir vidtfemnande verknader ved utslepp av miljøgifter. Utslepp av gass frå fyllplassar blir rekna å vere eit viktig bidrag til drivhuseffekten på jorda.

## STRENGARE KRAV TIL AVFALLSHANDTERING

Kommunen har plikt til å lage avfallsplanar, samt å rullere dei kvar valperiode. Berre fem kommunar hadde vedtatt avfallsplan innan den første fristen, 31. desember 1995. Dei øvrige kommunane var stort sett godt i gang med plan-arbeidet/vedtaksprosessen.

Eksisterande og nye avfallsplassar skal drivast etter nye og strengare krav. I fylkesmannen sin plan for oppgradering av avfallsplassar i Møre og Romsdal var det lagt opp til oppgradering innan 1. januar 1997. For enkelte plassar vil alle tiltak først vere fullført i løpet av 1997. Dei formelle justeringane av utsleppsløyve vil i hovudsak vere avslutta i løpet av 1996. Som følgje av strengare krav til avfallsbehandling er det føresett at våtorganisk avfall ikkje skal deponerast på fyllplassar. Frå og med 1. januar 1996 blei det forbod mot å deponere matavfall frå storhus-haldningars.

I Møre og Romsdal er det blitt arbeidd for å få til fellesløysingar for kommunane. Dette har ført til etablering av interkommunale selskap og anna samarbeid.

Mesteparten av alt husholdningsavfall blir i dag behandla i to store anlegg. Grautneset forbrenningsanlegg tar imot avfall frå 50 prosent av befolkninga (Sunnmøre). Årdalen fyllplass tar i mot avfall frå 37 prosent av befolkninga i fylket (størstedelen av Nordmøre og Romsdal). Det er mange avfallsplassar for grovavfall i Møre og Romsdal. Desse må og bli oppgradert. Små avfallsmengder og store kostnader vil bety at mange av desse vil bli avslutta.

## FAKTA

### NASJONALE MÅL

Dei nasjonale måla for avfallspolitikkene er fastsett ved Stortinget si behandling av St. meld. nr 44 (1991-92):

Avfallsproblema skal løysast slik at avfallet blir til minst mogleg skade og ulempe for menneske og naturmiljø, samtidig som avfallet og handteringen av dette legg minst mogleg beslag på ressursane i samfunnet.


Hovudstrategi for å nå dette målet er:

- Hindre at avfall oppstår og redusere mengda skadelege stoff i avfallet.
- Fremje ombruk, materialgjenvinning og energiutnyting.
- Sikre ei miljømessig forsvarleg sluttbehandling av restavfallet
- Innan år 2000 skal praktisk talt alt miljøfarleg avfall som blir skapt i Noreg gjenvinnast eller behandles i godkjente norske deponerings- og destruksjonsanlegg.

## FAKTA

### BRANSJEAVTALAR


Miljøverndepartementet har inngått bransjeavtalar med næringslivet om gjenvinning av stadig fleire avfaltypar, så som batteri, brunt papir, drikkekartong og emballasje. Kommunane og andre lokale aktørar må finne praktiske løysingar som passar med det opplegget som blir utarbeidd av slike sentrale aktørar.




Kjedesorteringsordningar kan inndelast i henteordningar der avfallsfraksjonen blir henta hos abonnementen og bringeordning der abonnementen må leverere avfallsfraksjonen til bestemte mottaksstasjonar. Henteordningar er ofte dyrare enn bringeordningar, men kan føre til at meir gjenvinnbart avfall blir samla inn.

### Forbrenningsanlegg

**Fyllplass**  
Mengde proposjonale symbol



### Grovavfallsfylling



## HENTEORDNING/ BRINGEORDRING

For glass og spesialavfall er det tilbod i alle kommunane basert på bringeordningar. For andre avfallsfraksjonar er det ulike tilbod i kommunane. Kvitevarer blir skilt ut i alle kommunane. Likeså har mange kommunar ordningar for hageavfall, klær og metall. Det står likevel att mykje arbeid før det er etablert tilfredsstillande ordningar i alle kommunar. Dette gjeld først og fremst etablering av ordningar for innsamling og behandling av våtorganisk avfall slik at dette kan nyttast som fôr eller jordforbetringstmiddel og eventuelt energi. Gjennomføring av slike nye løysingar vil krevje mykje informasjon og oppfølgjing.

Dei fleste kommunane i fylket har etablert ordning for innsamling og behandling av kloakkslâm. Slammet blir berre unntaksvist bruk til anna enn toppdekke på fyllplassar og til grøntanlegg. Det er eit mål å bruke 75 prosent av slammet innafor jordbruket. Aktuell slammengde er omlag 10 000 tonn per år, herav omlag 3 000 tonn frå Åse kloakkreinseanlegg i Ålesund (rekna som avvatna slam med 20 prosent tørrstoff).

## SPESIALAVFALL

I fylket er det fire firma (innsamlarar) som mottar eller samlar inn spesialavfall direkte frå bedriftene. I 1994 fekk alle hushaldningane i Møre og Romsdal tilbod om å leve spesialavfall etter eit felles opplegg, Sknett'n-systemet. Det er etablert 130 mottak i alle kommunar, vanlegvis ved bensinstasjonar eller butikker. I gjennomsnitt er det levert cirka to kilo spesialavfall gjennom Sknett'n systemet frå kvar innbyggjar i fylket. Kommunane skal også ha eit tilbod til bedrifter der det oppstår inntil 400 kilo spesialavfall per år.

## OVERSYN OVER ORDNINGAR FOR INNSAMLING AV AVFALL I KOMMUNANE I MØRE OG ROMSDAL


| KOMMUNE      | MATAVFALL                       |                | PAPIR         |                | DRIKKEKARTONG |                |
|--------------|---------------------------------|----------------|---------------|----------------|---------------|----------------|
|              | Hushaldningar og storhuskjøkken | Storhuskjøkken | Hente-ordning | Bringe-ordning | Hente-ordning | Bringe-ordning |
| Aukra        |                                 |                | x             |                |               |                |
| Aure         |                                 |                | x             |                |               |                |
| Averøy       |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Eide         |                                 | x              | x             |                |               |                |
| Frei         |                                 | x              |               | x              | x             |                |
| Fræna        | x                               |                | x             |                | x             |                |
| Giske        |                                 |                | x             |                | x             |                |
| Gjemnes      |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Halsa        |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Haram        |                                 |                |               |                |               |                |
| Hareid       |                                 |                | x             |                |               |                |
| Herøy        |                                 |                | x             |                |               |                |
| Kristiansund |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Midsund      |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Molde        |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Nesset       |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Norddal      |                                 |                | x             |                |               |                |
| Rauma        |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Rindal       |                                 |                | x             |                | x             |                |
| Sande        |                                 |                | x             |                |               |                |
| Sandøy       |                                 |                |               | x              |               |                |
| Skodje       |                                 |                |               | x              |               |                |
| Smøla        |                                 |                |               | x              |               | x              |
| Stordal      |                                 |                | x             |                |               |                |
| Stranda      |                                 |                | x             |                |               | x              |
| Sula         |                                 |                | x             |                | x             |                |
| Sunndal      |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Surnadal     |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Syklyven     |                                 |                | x             |                |               | x              |
| Tingvoll     |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Tustna       |                                 |                | x             |                | x             |                |
| Ulstein      |                                 |                | x             |                |               |                |
| Vanylven     |                                 |                | x             |                |               |                |
| Vestnes      |                                 | x              | x             |                | x             |                |
| Volda        |                                 |                | x             |                | x             |                |
| Ørskog       |                                 |                |               |                |               |                |
| Ørsta        |                                 |                | x             |                | x             |                |
| Alesund      |                                 | x              |               |                | x             |                |

## FAKTA

## SPESIALAVFALL:

Avfall med eit særleg skade- og forureiningspotensiale. Av den grunn må dette avfallet skiljast ut til særskilt behandling.

Eksempel på spesialavfall er avfall som inneholder olje, løysemiddel, maling, tjære, kvikksølv, kadmium, syrer og baser.



OVERSYN OVER MENGE I KILO INNLEVERT SPESIALAVFALL I ULIKE FRAKSJONAR OG SPESIALAVFALL INNLEVERT PER INNBYGGAR I MØRE OG ROMSDAL OG TOTALT I NORGE (1990-1995).

## LITTERATUR

- Innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal, slutt-rapport, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 7-1994
- Slamplan for Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport 5-1996

## FAKTA

### NASJONALE MÅL

Det er enno ikkje formulert spesifikke nasjonale miljømål. For kloakkutbygging er det sett som arbeidsmål at full opprydding i hovudsak skal vere gjennomført innan år 2000.

For landbruk og industri er det og sett formelle rammer i forskrifter og bransjevis konsesjonsbehandling som inneber at dei ordinære tiltaka stort sett skal vere gjennomført eller bli gjennomført innan år 2000.

### ORDFORKLARING

#### Recipient:

Vassforekomsten som mottar utsleppet



*Sjølv om det er arbeidd med å rydde opp i forureningsforholda i meir enn 20 år, står det att mange tiltak før forholda er blitt tilfredsstillande. Menneskeskapte utslepp av næringssalt og organiske stoff skapar vanlegvis berre lokale ulemper. Sjøområda i fylket er lite forureina, utanom nærefekktor av utsleppa. I vassdraga er situasjonen vore meir variert, med til dels alvorleg forureining mange stader.*

Tilførsle av mikroorganismar, organisk stoff og næringssaltar kan føre til at vasskvaliteten i vassdrag og sjøområda blir mindre god. Utsleppa kan føre til hygieniske ulemper, auka algevekst, redusert siktedjup og oksygensvinn. Dette kan redusere naturlege prosessar, til dømes hindre reproduksjon og oppvekst av sjøaure i mange vassdrag, eventuelt gjøre vassforekomstane ueigna for bading og friluftsliv eller annan bruk som stiller visse krav til vasskvalitet.

Situasjonen i Møre og Romsdal er blitt rekna som betre enn meir sårbare områda på Aust- og Sørlandet. Mange oppryddingstiltak i vårt fylke er dermed ikkje blitt prioritert på same måten når det gjeld gjennomføringstid og finansieringsbistand.

### MENNESKESKAPTE UTSLEPP

Landbruk, kloakk, industri og fiskeoppdrett er dei viktigaste menneskeskapte forureiningskjeldene:

Landbruket sitt bidrag har auka sterkt etter krigen, både på grunn av meir oppdyrkning, auka bruk av kunstgjødsel og endra haustemetode for gras (silo). Meir kritisk bruk av kunstgjødsel, betre utnytting av husdyrgjødsela og tiltak mot utslepp av silopressaft har snudd utviklinga i ei gunstigare retning.

Bidraget frå kloakken har også auka ved at innlagt vatn og vassklosett er blitt allment. Innafor industrien har utsleppa stort sett blitt mindre; både på grunn av at store bransjar er blitt bygd ned (sildemjøl- og sildeolje), samt at det er gjennomført tiltak innafor enkelte bransjar (næringsmiddelinindustrien). Fiskeoppdrettsnæringa har vakse fram dei siste 30 åra slik at denne næringa står for store samla utslepp.

Forureininga vil ha sin primære effekt der utsleppet skjer (vassdrag, vatn, terskel, fjord, fjordsystem). Bidraget vil variere avhengig av recipient. Der utsleppa skjer til vassdrag med lite vassføring vil effektane kunne bli store. utslepp til større vassdrag kan ha mindre effekt. Likeins vil effektane av utslepp i sjøen variere.


Der det oppstår forureining, må ein vurdere alle utslepp og gjennomføre dei tiltak som er mest kostnadseffektive. Ofte vil likevel naturlege utslepp og tilførslar vere av større betydning enn menneskeskapte. Likeså kan vassforekomsten frå naturen si side vere spesielt sårbar, slik at vasskvaliteten dermed meir eller mindre er gitt uavhengig av utslepp.

Dei menneskeskapte utsleppa er berre ein del av den totale tilførselen av næringstoff til mange av vassforekomstane våre.

Kloakkutslepp betyr ofte lite. Til dømes utgjer bidraget av næringssaltet nitrogen frå sildegyting langs kysten og i fjordane, nær 20 gonger meir enn frå kloakkutsleppa.


Forholdet i den enkelte vassforekomsten vil måtte vurderast heilt konkret.

# OVERGJØDSLING OG TILFØRSLE AV ORGANISK STOFF



## Fosfor

- Fiskeoppdrett
- Kloakk
- Landbruk
- Industri



## Nitrogen

- Fiskeoppdrett
- Kloakk
- Landbruk
- Industri

ILLUSTRASJON OVER RELATIVE BIDRAG AV VIKTIGE NÆRINGSSALT (FOSFOR OG NITROGEN) FRÅ ULIKE FORUREININGSKJELDER, SAMLA FOR HEILE FYLKET.

## FJORDANE ER LITE FORUREINA, MEN KAN HA LOKALE PROBLEMER

Hovudvassmassane i fjordane og langs kysten av fylket er generelt sett lite påverka av menneskeleg aktivitet. Enkelte lokale område med store utslepp og/eller med mindre gunstig vassutskifting kan likevel vere noko påverka. Det er framleis mange ureinsa utslepp av kommunal kloakk og frå fisketilvirking. Desse kan mange stader føre til betydelege lokale ulykker og dermed konflikter med andre brukarinteresser.

Punktutslepp og diffuse utslepp frå landbruket fører dei fleste plassar til liten forureining i sjøen. I fjøre-sona kan det likevel vere markerte effektar, likeeins i pollar og fjordarmar med dårleg vassutskifting. Flytting av oppdrettsanlegg frå område med dårlege straum- og utsiktsgningsforhold har redusert tidlegare forureiningsproblem. Ættre fôr og fôringssrutiner har og hatt stor betydning. Produksjonsveksten i næringa kan likevel i framtida bidra til ei negativ utvikling.

## FAKTA

### FYLKESMÅL:

I utkast til fylkesavløpsplan for Møre og Romsdal har fylkesmannen formulert eit overordna mål for vass-kvalitet i fylket:

- Forureining av vassdrag, fjordar og hav som skuldast menneskeskapte utslepp av næringssalt, organisk stoff og partiklar skal reduserast slik at det ikkje oppstår negative konsekvensar for biologisk mangfald og prioriterte brukarinteresser.
- Alle resipientar i fylket skal innan år 2000 kunne defineraast i «bruksklass» 1, godt eigna for dei aktuelle brukarinteressene. I område med særleg store kostnader kan «bruksklass» 2, eigna, aksepteraast. Meir endelege og konkrete mål må fastsetast av kommunane i samanhend med hovud planar for avløp.

# OVERGJØDSLING OG TILFØRSLE AV ORGANISK STOFF

## FAKTA

### KLASSIFISERING AV FORUREINING OG BRUKSEIGENSKAPAR.

Statens forurensningstilsyn har fått utarbeidd eit klasifiseringssystem for miljøkvalitet i vassforekomstar (ferskvatn, fjordar og kystvatn). Systemet er basert på klassifisering av tilstand (observert miljøkvalitet)


- med 5 tilstandsklassar frå I = «God» til V = «Meget dårlig») og av eignethet (med 4 klassar frå 1 = «Godt eigna» til 4 = «Ikke eigna») og 5 forureiningsgradar basert på forholdet mellom målte verdiar og forventa naturtilstand (1 = «Lite forureina» til 5 = «Meget sterkt forureina»).

### LITTERATUR:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesavløpsplan, Høringsutkast 1994.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Samlerapport for overvaking av vassforekomstar 1970-95.
- Statens forurensningstilsyn: Klassifisering av miljøkvalitet, Veileddning 92:06 og 94:01.

#### Tilstandsklassar i sjø

- God
- Mindre god
- Nokså dårlig
- Dårlig
- Meget dårlig



TILSTANDSKLASSE FOR VASSKVALITET I FJORDANE BASERT PÅ TILGJENGELEG DATAGRUNNLAG I PERIODEN 1985-95 FOR OKSYGEN OG NÄRINGSSALT.

Dei fleste terskelfjordane med dårlig tilstandsklasse har likevel forhold som er meir eller mindre naturlege og som ikkje utan vidare blir betre om dei menneskeskapte utslepp blir mindre. Slike fjordar er likevel ekstra sårbarar for nye utslepp.

I visse periodar mest kvart år er det registrert giftige blåskjel i sjøområda rundt Ålesund (Borgundfjorden/Asefjorden og Ellingsøyfjorden) og i Moldefjorden/Langfjorden. I media blir det då informert om faren med å spise skjel. Årsaken er oppblomstring av giftproduserande planteplankton (dinoflagellatar). Korvidt oppblomstringa er heilt naturleg eller skuldast utslepp er ikkje fastslått.

Kloakkutslepp frå tettstadane går med få unntak til sjøen. Der det er utslepp til vassdrag (ferskvatn) er det bygd reinseanlegg. Det er derfor spesielt landbruk og kloakkutslepp frå den spreidde busetnaden som fører til forureining av vassdraga. Det har vore forskrifter som har regulert utslepp og avrenning i meir enn 20 år. Likevel er forholda mange stader slik at det er alvorleg forureining, sjå figur.

I fem vatn er det og registrert oppblomstring av giftige blågrønnalgjar: Hjordalsvatnet (Hareid), Bergemsvatnet (Tingvoll), Sagvikvatnet (Tustna), Storvatnet (Smøla) og Viklevatnet (Vanylven). I Hjordalsvatnet og Bergemsvatnet har oppblomstringa skjedd fleire år.

- God
- Mindre god
- Nokså dårlig
- Dårlig
- Meget dårlig



TILSTANDSKLASSE FOR VASSKVALITET I VASSDRAGA. (FYLKESMANNEN SIN LANDBRUKSKONTROLL 1992-94).

Full opprydding i kloakksektoren skal i hovudsak vere gjennomført innan år 2000. Det blir ei stadig større utfordring for kommunane å få fullført dette arbeidet i tide. Ein stor del av dei kommunale kloakkutsleppa blir framleis ikkje reinsa. Fram mot år 2000 må det òg gjennomførast nødvendig opprusting av separate kloakkutslepp. Likeeins må det gjennomførast ytterlegare tiltak innafor industri og landbruk.



*Støy er eit helse og trivselsproblem for mange, spesielt i dei store byane i fylket. Langs dei store vegane er omlag 5300 personar plaga av støy. By- og tettstadsutviklinga har teke for lite omsyn til naturopplevelingar og trygg ferdsel i kvarldagen.*


Tett trafikk skaper støy og støvproblem for dei nærmeste omgivnadene. Det er ei utfordring å lage planar som reduserer trafikkbeovet og i tillegg kanaliserer resttrafikken slik at støy- og støvproblema blir til minst mogleg ulempe og helserisiko. Dette vil mellom anna medføre prioritering av andre transportformer som buss og anlegg av fleire gang- og sykkelvegar.

Dei naturprega områda i tettstadene er ofte utsett for eit stort utbyggingspress. Tettstadvekst, veg- og parkeringsanlegg har lagt beslag på store areal på kostnad av naturmiljø, friluftsliv og kulturminne. Det er ei sentral utfordring å sikre ein samanhengande grøntstruktur i desse områda samstundes som tilgrensande friluftsområde blir ivaretaken. Grøntstrukturen spiller ein fleirfunksjonell rolle i byar og tettstader; til leik, rekreasjon og friluftsliv, som byformelement og som naturverdi. Eit godt planlagt grøntstruktturnett vil bidra til å betre folkehelsa og redusere bilbruken i byar og tettstader.

## STØY; NEDSETT TRIVSEL- NEDSETT HELSE

Støy vert gjerne definert ut frå den ein-skilde si subjektive oppfatning og er vanleg forbunde med ubehagelege høge eller uønska lyda. I samspel med andre stressfaktorar kan støy vere utløysande for stressrelaterte sjukdomar og plager. Det er påvist ein klar samanhang mellom støybelastning og søvnproblem. Ut i frå kunnskap om folk sin kjensle for støy er det rekna ut at omlag 5300 personar er plaga av vegtrafikkstøy langs dei mest belasta riks- og fylkesvegar (>1000 ÅDT) i Møre og Romsdal. Etter statlege retningslinjer skal ikkje vegtrafikkstøyen overstige 55 db(A) ved nye hus eller i samband med nye vegar. For eksisterande situasjon blir opp til 60 db(A) akseptert. Tal personar som er utsett for støyplagar skal ikkje auke, det er tvert om behov for innsats for å redusere belastningane særskilt langs dei mest trafikkerte vegane.

### dB(A)



SKALA SOM VISER STØYNIVÅ I TYPLISKE SITUASJONAR.

## FAKTA

### NASJONALE MÅL:

- Redusere areal- og energibruk
- Redusere det totale transportbehovet og auke delen av miljøvennlig transport
- Redusere lokale luftforureiningar
- Redusere støy
- Sikre og tilretteleggje naturområde og grønngrenstruktur
- Ivareta stadene si eigenart, ta vare på kulturminne og estetiske kvalitetar
- Utvikle gode nærmiljø og nye modellar for samvirke mellom kommune og lokal-samfunn

### ORDFORKLARING:

#### ÅDT:

Årsdøgntrafikk, dys, kor mange kjøretøy som passerer kvart døgn i middel over året.


#### dB (A):

Desibel er måleining for støynivå.


(A): Middelverdi ut frå definerte føresetnader.

# M I L J Ø V E N L E G E B Y A R O G T E T T S T A D E R

## Bykommunar



## Kommunar



GRAFISK FRAMSTILLING AV TAL  
BUEININGAR KOMMUNEVIS FOR-  
DELT, SOM OVER-  
STIG 60 DB(A) UTANDØRS,  
LANGS RIKS- OG  
FYLKESVEGAR >1000 ÅDT  
KJELDE:  
STATENS VEGVESEN

## IKKJE BYGG UT "HUNDREMETER-SKOGEN"

Grøntstrukturen er velen av store og små naturprega område i byen eller tettstaden. Desse naturprega områdene blir ofte ukritisk oppfatta som "restareal" og følgjeleg med potensiale for utbygging. I eit overordna mål om å økonomisere med areal og redusere energibruken og forureining knytt til transport, må grøntstrukturen sjåast som ein struktur på linje med transportsystem og busetting. Grøne korridorar tilrettelagt for mjuke trafikantar med til dømes gang- og sykkelvegar og turstiar, vil jamvel bidra til å auke miljøvenlege transportformar. I friluftslivs-samanheng er verdien av den bustadnære "kvardagsnaturen" vel så stor som friluftsområda i utmarka.



Grønstrukturen i byar og tettstader har vore for lågt prioritert i lokal planlegging. Det spredte og utflytande tettstads-mønsteret har auka avstanden til grøne område for folk flest. Auka biltrafikk og nye vegar har skapt utryggje og barrierar både for menneske og dyr. Mangel på opparbeiding og tilrettelegging av avsette grøne område gjer at dei i neste omgang ofte vert utbygde. Resultata er ofte også tap av biologisk mangfald.



Øyraelvprosjektet i Volda kommune er eit godt døme på vitalisering av tettstadnære grøne areal (bilde).

Elvadalen i Volda sentrum var gjengrodd, med massedeponering og tilfeldig plassering av hageavfall. Naturleg terreng og vegetasjon i ferd med å bli spist opp. Tiltak som vart iverksett var etablering av ferdsselsåre/bruar for fotgjengarar langs vassdraget med tverrsamband mellom bustadområder og restaurering av kulturminner. Mellom anna fekk skoleelevarane ein tryggare skoleveg. Prosjektet i Elvadalen har vore positivt for nærmiljø, kulturmiljø og brukergrupper som sportsfiskarar, skoleelevar og turgåarar.

## FAKTA

*"Ikke bygg store varehus utanfor byane. Då får vi berre meir trafikk og meir eksos.. Bygg ut jernbanen. Bruk mindre fly. Bruk pengar til sykkelstiar og gangvegar."*

Frå barneopprop, framlagt på barnehøyringa på FNs miljøkonferanse i Bergen 1990.

Gjennom rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga, har Regjeringa bestemt at: Ved omdisponering av areal som er i bruk som er i bruk som leikeareal eller som er avsatt til fellesareal/friområde i ein plan, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal.

## FAKTA

## NASJONALE MÅL:

- Alle skal i sin kvar dag ha gode høve til å drive friluftsliv som ein helse-, trivselsskapande, naturvennleg fritidsaktivitet.
- Den norske turkulturen basert på allemannsretten skal haldast i hevd.
- Utnyttbare jakt og fiskeressursar skal vere tilgjengeleg for allmenta.
- Tilgangen på og tilgjenge til grøntareal, turvegar, større naturområde, bade og fiskeområde skal vere tilfredsstillande for utøving av variert friluftsliv.
- Konflikt mellom friluftsliv og biologisk mangfold skal minimalisera.

Friluftsliv er opphold og fysisk aktivitet i friluft med sikte på miljøforandring og naturoppleving.

(Stortingsmelding nr. 40  
1986/87).



*Friluftsliv gir rike opplevingar av natur og menneske i naturen. Fleire undersøkingar viser at vel 80 prosent av Norges befolkning driv friluftsliv i fritida si. Nordmenn si høge deltaking i friluftsliv er eit uttrykk for ein viktig del av kulturarven vår; nærelik til naturen og hausting av overskot i naturen.*

Friluftsloven frå 1957 sikrar allmenta retten til fritt å ferdast i utmark gjennom "allemannsretten". Vi har frå gamalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark - etter elvane, på innsjøar, i skjergarden - og til fjells, uavhengig av kven som eig grunnen.

Samfunnsutviklinga har på 1900-tallet vore slik at befolkninga har fått meir fritid som eit fleirtal nyttar til å drive friluftsliv.

Samstundes har det naturbasert reiselivet auka, mens tilgjenge til natur og naturprega område blitt mindre, (sjå under områdeforvalting). Utbyggingsmönsteret og arealbruken har og ført til at opplevingsrikdomen i naturen mange stader er forringa.

### FRILUFTSLIV MOT ÅR 2000 I MØRE OG ROMSDAL

I Møre og Romsdal har fylkesmannen i 1996 utarbeidd eit utkast til Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000. Vidare har Møre og Romsdal Fylkeskommune utarbeidd eit utkast til Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv 1996 - 1999. 36 av 38 kommunar i fylket, utarbeidde i 1995/96 ein kommunedelplan for idrett og friluftsliv. I handlingsplanen for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal legg fylkesmannen vekt på å prioritere arbeid innan tre hovudfelt:

### 1. Stimulering, motivering og informasjonstiltak:

Born og unge er ei prioritert målgruppe. Friluftslivsorganisasjonane er hovudsamarbeidspartnerane. Natur, miljø og friluftslivsrettleiing er viktige verkemiddel.

### 2. Arealforvalting, planlegging og tilrettelegging

Sikring av areal til friluftsformål for allmenta er ei viktig målsetting. Dette gjeld både store samanhengande område av regional eller nasjonal verdi og område av lokal verdi, som nærfriluftslivområde.

Planmessig sikring, kjøp eller langvarig leige eller servituttavtale er viktige verkemiddel. Naturvennleg tilrettelegging er ei målsetting, og sonering av tiltak i forskjellige arealtyper og brukssoner er eit viktig verkemiddel.

### 3. Friluftsliv i kommunal verksemd og på fylkesnivå.


Styrking av den kommunale plan- og handlingskompetansen for friluftsliv er ei viktig målsetting. Auka vekt på informasjon og fagleg rettleiing mellom anna i samband med kommunane sin «kommunedelplan for idrett og friluftsliv» er verkemiddel her. Styrking av friluftslivsfagleg kapasitet på regionalt nivå er naudsynt. Dette vil mellom anna skje gjennom auka samarbeid mellom fylkesmannen og fylkeskommunen.



*Rølege aktivitetar som spaseriturar, soling og fotturar i skog og mark dominerer ferie og fritid for dei fleste.*

## FRILUFTLIVSOMRÅDE SIKRA MED STATLEGE MIDLAR.

I Møre og Romsdal er det 73 friluftsområde med statleg sikring. I tillegg kjem område som kommunane sjølve har sikra utan statleg medverknad. I denne samanhengen tyder "sikring av friluftsområde" at det offentlege skaffar seg råderett over areal slik at allmenta kan nytte areala til friluftsliv. Det er ikkje store areal det offentlege kan sikre gjennom slike kjøp eller leigeavtalar, så hovuddelen av dei areal som allmenta nytta til friluftsliv må ivaretakast gjennom andre virkemiddel som lovverket og arealplanlegging.



TAL STATLEG SIKRA FRILUFTSLIVSOMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL OG KVA TIDSPERIODE DEI VART TINGLYST, 1955 - 1994

## NYE UTFORDRINGAR

Reiselivsbransjen i Møre og Romsdal nytta fjord- og kystlandskapet sterkt i sin marknadsføring av landsdelen. Profilering av fuglefjellet Runde er eit av mange døme. Fram mot år 2000 er det spådd ein trend der vi kan forvente fleire tilreisande som vil oppleve naturen gjennom friluftslivsprega aktivitetar i vår landsdel. Stor konsentrasjon av friluftslivsutøvarar i einskilde naturområde kan truga det biologiske mangfaldet og føre til auka slitasje og konfliktar i sårbare område.

Handlingsplanen for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal har forslag på å opprette

ei arbeidsgruppe med tema kystfriluftsliv. Det er allereie omlag 160 småbåthamner i Møre og Romsdal og rundt 60 av disse har gjesteplasser og ein auke i sjøretta friluftsliv er venta. Våre nabofylke i sør og vest har over mange år arbeidd med sikring og tilrettelegging for kystfriluftsliv gjennom etablering av "skjærgårdsparkar" og "Vestkystparken". Konkurrerande arealbruk i kystsonen som nemnt under kystsoneforvaltning, og arbeidet med vern og forvalting av artar og areal langs kysten er viktige element i arbeidet vidare for å sikre gode tilhøve for kystfriluftslivet i Møre og Romsdal.

## FAKTA

### ORDFORKLARING:

#### Klausulering:

Vilkår for kva ein kan nytte arealalet til.

#### Servituttavtale:

Avtale om bruksrett.

#### Utmark:

udyrka mark, omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og fjell i Norge

# F O T O G R A F I E R



Side 7  
Ove Eide



Side 21  
Siv Aksdal



Side 8  
Einar Meisingset



Side 35  
Ingun Raastad



Side 11  
Øivind Leren



Side 35  
Ingun Raastad



Side 11  
Øivind Leren



Side 36  
Ingun Raastad



Side 20  
John Bjarne Jordal

F Y L K E S M A N N E N I M Ø R E O G R O M S D A L

Fylkesmannen er

Kongen og

Regjeringa sin

fremste represen-

tant i fylket.

Utfører mange og

svært allsidige for-

valtningsoppgåver

for Staten (dei ymse

departementa).

# **Miljøstanden i Møre og Romsdal 1996**

Utgjeven av Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1996

i samarbeid med

Direktoratet for Naturforvaltning og Statens Forurensningstilsyn

**Redaktør/redaksjon:**

Rolf E. Sch. Kollstrøm/

Per Fredrik Brun, Kolbjørn Megård og Trond Haukebø

**Formgjeving:**

For- og bakside:David Keeping

Innmat: **GRAFIA** Reklamebyrå AS

**Trykk:**

EKH Trykk, Molde

Trykt på miljøvenleg papir

Opplag: 3000

**Rapporten kan tingast frå**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdinga, Fylkeshusa, 6400 Molde,

Tlf: 71 25 84 75, Fax: 71 25 85 09